

# Årsrapport



Foto: Erling Joranger

2016

Luster Sparebank



# Årsrapport 2016

<i>Hovudtrekk i rekneskapen</i>	3
<i>Årsmelding</i>	
<i>Bankåret 2016</i>	4
<i>Samfunnsansvar</i>	4
<i>Banken og lokalsamfunnet</i>	4
<i>Teknologisk utvikling i banken</i>	8
<i>Samarbeidspartnalar</i>	9
<i>Økonomisk utvikling 2016</i>	10
<i>Resultat og Balanse 2016</i>	11
<i>Risikotilhøve</i>	13
<i>Personale – arbeidsmiljø</i>	15
<i>Utsiktene framover</i>	16
<i>Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette</i>	17
<i>Rekneskap</i>	18
<i>Notar</i>	21
<i>Melding frå revisor</i>	42

## Hovudtrekk i rekneskapen for 2016

Etter tap har banken eit resultat før skatt på kr 38,3 millionar. Driftsresultatet på kr 40,5 er det beste i banken si historie. Avkastning på verdipapir har gått opp. Driftskostnadane har gått ned som følgje av ny avtale med vår IT-leverandør Evry. Forvaltningskapitalen har auka med 5,5 % til kr 3.242 millionar. Innskot til kundar har auka med 7,6 % og er no på kr 2.380 millionar. Utlån til kundar inkludert overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 10,48 %. Rentenetto i prosent for 2016 er på 1,76 %. Rentenettoen for 2015 var på 1,87 %.

<b>Resultat i millionar kr</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Netto renteinntekter	55,5	55,7	56,0	53,5	52,4
Netto andre driftsinntekter	20,2	13,6	14,5	13,0	10,1
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>75,7</b>	<b>69,3</b>	<b>70,5</b>	<b>66,5</b>	<b>62,5</b>
Driftskostnader	35,2	36,6	34,7	32,3	31,3
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>40,5</b>	<b>32,7</b>	<b>35,7</b>	<b>34,1</b>	<b>31,2</b>
Nedskrivingar og tap på utlån	2,2	3,3	3,3	2,8	4,1
Tap/vinst verdipapir anleggsmiddel	0	-6,5	-6,5	-0,5	0,8
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>38,3</b>	<b>35,9</b>	<b>39,0</b>	<b>31,9</b>	<b>26,2</b>
Skatt	8,6	8,6	9,3	9,4	8,2
<b>Overskot</b>	<b>29,7</b>	<b>27,3</b>	<b>29,7</b>	<b>22,5</b>	<b>18,0</b>
	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Netto renteinntekter	1,76 %	1,87 %	1,97 %	1,96 %	2,03 %
Netto andre driftsinntekter	0,64 %	0,46 %	0,51 %	0,48 %	0,39 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2,40 %</b>	<b>2,33 %</b>	<b>2,48 %</b>	<b>2,44 %</b>	<b>2,42 %</b>
Driftskostnader	1,11 %	1,23 %	1,22 %	1,18 %	1,21 %
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>1,28 %</b>	<b>1,10 %</b>	<b>1,26 %</b>	<b>1,25 %</b>	<b>1,21 %</b>
Nedskrivingar og tap på utlån	0,07 %	0,11 %	0,12 %	0,10 %	0,16 %
Tap/vinst verdipapir anleggsmiddel	0,00 %	-0,22 %	-0,23 %	-0,02 %	0,03 %
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>1,21 %</b>	<b>1,21 %</b>	<b>1,37 %</b>	<b>1,16 %</b>	<b>1,02 %</b>
Skatt	0,27 %	0,29 %	0,33 %	0,34 %	0,32 %
<b>Overskot</b>	<b>0,94 %</b>	<b>0,92 %</b>	<b>1,05 %</b>	<b>0,82 %</b>	<b>0,70 %</b>
<b>Gjennomsnittleg forvaltningskapital</b>	<b>3.157</b>	<b>2.980</b>	<b>2.836</b>	<b>2.736</b>	<b>2.581</b>
<b>Nøkkeltal</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Forvaltningskapital	3.242	3.073	2.888	2.785	2.686
Brutto utlån til kundar	2.715	2.487	2.453	2.267	2.314
Innskot frå kundar	2.380	2.212	2.141	2.007	1.855
Eigenkapital	400	373	348	323	302
Eigenkapitalprosent	12,33 %	12,14 %	12,04 %	11,59 %	11,25 %
Kapitaldekning	20,66 %	20,22 %	21,09 %	21,32 %	19,94 %
LCR	128 %	123 %	69 %		
Eigenkapitalrentabilitet	9,59 %	9,62 %	11,21 %	7,19 %	6,13 %
Årsverk	20,25	20,4	20,0	20,5	22,3
Driftskostnader i % av inntekter	46,52 %	52,55 %	49,37 %	49,32 %	50,59 %

# **Bankåret 2016**

Styret i Luster Sparebank legg fram eit godt resultat for 2016.

Som lokalbank er utviklinga til Luster Sparebank nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Luster Sparebank har hovudmarknaden sin i Luster, men over tid har me fått fleire og fleire kundar utanfor kommunen. 31 % av innskota og 52 % av utlåna kjem frå kundar utanfor kommunen. Kundane utanfor kommunen er såleis ei svært viktig kundegruppe for banken.

Luster Sparebank har regulert rentevilkåra sine i tråd med utviklinga i marknadsrenta og gjennomført 2 renteendringar i 2016. Rentenettoen har vore stabil heile året. Ved slutten av året var rentenettoen 1,76 % mot 1,87 % ved førre årsskifte.

## **Samfunnsansvar**

Luster Sparebank sin visjon er å vera ein sjølvstendig og frittståande bank som skal spela ei aktiv rolle i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv. Arbeidet med samfunnsspørsmål er integrert i det kontinuerlege strategiarbeidet vårt. Slik sikrar me at etikk, miljø og viktige samfunnsspørsmål til ei kvar tid står på dagsorden. Dette ligg som grunnlag for alle aktivitetane våre. I 2015 fekk me stadfesting på dette i og med at me blei kåra til årets bedrift i Luster.

Finansnæringa er gjennom lover og reglar pålagd av styresmaktene å medverka til arbeid mot korruption. Banken har etablert etiske retningslinjer for dei tilsette, og styret er oppteke av at det blir lagt stor vekt på å ha ein høg etisk standard internt og i dialogen med kundane. Banken har også eigne rutinar for å førebygga og avdekka transaksjonar med tilknyting til utbytte av straffbare handlingar eller med tilknyting til terrorhandlingar. Alle tilsette gjennomfører årleg kvitvaskingskurs.

### **Miljø**

Banken driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljø meir enn det som er normalt for næringa. Luster Sparebank er sertifisert som Miljøfyrtårn. Luster Sparebank har som mål å redusera reiseverksemda. Me nyttar telefon- og nettmøte i dei høva der dette er mogeleg.

Luster Sparebank er også godkjent som Fairtrade bedrift. Fairtrade handlar om rettferdig handel.

### **Menneskerettar**

Luster Sparebank si verksemd er ikkje i strid med menneskerettane.

## **Banken og lokalsamfunnet**

Banken er svært oppteken av utviklinga i kommunen, og har gjennom fleire år nytta mykje midlar for å stimulera til vekst og utvikling.

Me har i dag tilbod om Bank i Butikk i Fortun, Skjolden, Luster, Jostedal og Veitastrond. Kundane får utført dei daglege banktenestene sine i butikkane si opningstid. Samstundes er tilbodet med på å styrka nærbutikkane.

Luster Sparebank støttar frivillige lag og organisasjonar med store summar kvart år. Banken er hovudsponsor for Sogndal Idrettslag og for alle dei fem idrettslaga i Luster kommune. I tillegg har me sponsor- og samarbeidsavtalar med Luster Røde Kors, Luster Turlag, Sogn Skisenter BA, Heggmyri Rett Ned, Luster Telemark, Hafslo Skyttarlag, Fortun Skyttarlag, Luster jakt- og fiskelag, Luster Sportsskyttarlag, Sogn Indre Skyttarsamlag, Luster Folkeakademiet, Luster Treningssenter AS, Lustrabadet, Sogndal Fotball, Fjellsportfestivalen, Sognefjellet Sommarskisenter AS, Fanaråken Opp og Molden Opp.

Banken har teke initiativ til å samla lag og organisasjonar som me har sponsoravtale med til felles årleg møte. Føremålet er å få erfaringsutveksling på tvers av laga og ikkje minst få innspel på forbetringsområde for alle partar.

Luster Sparebank har ein mobil betalingsterminal som me låner ut gratis til alle lag og organisasjonar i kommunen. Dette har vore svært godt motteke.

#### MiniAnne-øvingsdokke for livredning

Luster Sparebank var i 2014 med på finansiering av øvingsdokker til alle elevane i 7., 8. og 9. klasse i Luster. I 2015 og 2016 fekk alle 7.-klassingane i kommunen MiniAnne, og i år framover skal banken gje MiniAnne til alle 7.-klassingane i kommunen. På denne måten betrar me tryggleiken til både unge og eldre over tid.

#### **Gåver og tilskot**

Luster Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet som gåver til allmennytige formål. For 2016 har om lag 180 lag og organisasjonar fått gåvemidlar.

#### **Nye Tungestølen**

Luster Sparebank har vedteke å løyva kr 3.000.000,- til Nye Tungestølen, under føresetnad av at prosjektet blir realisert. Først og fremst er det viktig for bygda Veitastrand å få på plass att eit overnattings- og serveringstilbod på denne eineståande plassen inne under Jostedalsbreen. At det i tillegg var det verdskjende arkitektfirmaet Snøhetta som vann konkurransen om utforminga av anlegget, og at bygningane samla og kvar for seg har fått eit heilt spesielt uttrykk, gjer - trur me - at Tungestølen blir ein stad lokale og tilreisande vil farta til, ikkje berre for mat og seng, men og for den spesielle arkitekturen.

Tungestølen som turisthytte vann akkurat å feira 100-årsjubileum sommaren 2011 før orkanen Dagmar sopte med seg alle husa 1. juledag om kvelden det året. Me trur at slike signalbygg som her vil koma, skal skaffa mykje ekstra turisttrafikk til Veitastrand og vera med å skapa ny aktivitet i ei bygd der det akkurat no er ein veldig positiv vilje til satsing frå den yngre generasjonen. Serveringsdelen av anlegget på Tungestølen vil romma rundt 60 gjester og vil kunna nyttast til ulike selskap og feiring av store dagar, til bedriftssamlingar, til lunchplass for dagsutflukter frå cruisetrafikken og mykje anna.

Me håpar at gåva frå Luster Sparebank gjer at mange kanalar for finansiering opnar seg både lokalt og nasjonalt slik at Nye Tungestølen let seg realisera!

#### **Luster Idrettspark**

Luster Sparebank har vedteke å løyva kr 1.500.000,- til Luster Idrettspark. Banken har som mål å vera ein aktiv motor og støttespelar for gode initiativ som kan skapa trivsel og utvikling i kommunen. Innsatsen frå banken er i stor grad retta mot tiltak for barn og unge, men også mot initiativ som kjem næringslivet og folk i alle aldrar til gode. Løyvinga til Luster Idrettspark kjem såleis i rekka av anlegg banken har støtta opp om som til dømes Sognaheisen og banktrekket ved Sogn Skisenter.

Banken er glad for å kunna vera med på å realisera eit anlegg for friidrett og fotball i kommunen som kan brukast største delen av året. Unge i kommunen har til denne tid ikkje hatt eit tilfredsstillande anlegg for friidrett. Skal ein løfta nivået i dei ulike idrettane, er dei unge avhengig av gode treningsfasilitetar heile året.

Lys og kunstgras med undervarme vil gje tilbodet ein heilt annan dimensjon. Luster Sparebank er difor glad for initiativet frå idrettslaget Bjørn, og ønskjer lukke til med realiseringa av det store prosjektet.

### **Landsfestivalen i Gamaldansmusikk**

Luster Sparebank gjekk inn som hovudsponsor og var med å leggja tilhøva til rette for festivalveka i Gaupne i byrjinga av august. Landsfestivalen vart ein stor suksess frå start til slutt for både arrangørane, deltakarar, publikum og ikkje minst for lokalsamfunnet. Tilskipinga var difor i tråd med banken sine mål om å medverka til å skapa aktivitet, utvikling og verdiskaping i nærmiljøet. Festivalen vart eit flott utstillingsvindauga for kommunen generelt og ikkje minst for lokalt engasjement, kultur og tradisjon. Gamaldansfestivalen gjekk utan stans frå onsdag til søndag, og fleire tusen besøkte kommunen vår og Landfestivalen, som for første gong vart arrangert i Sogn.

I tillegg til ein stor kontantsum, kr 150.000,-, organiserte banken pengehandteringa under tilskipinga, mellom anna med eit 10-tals betalingsterminalar på dei ulike serverings- og arrangementsstadene. Banken fekk nytta tilskipinga til eit omfattande profileringsopplegg heile veka, både på festivalområda og på alle dei mange hundre dagnadsfolka.

Landsfestivalen skriv dette som takk til banken:

«Me ønskjer å seie tusen takk til Luster Sparebank for eit flott samarbeid og det rause sponsorbidraget de gav Landsfestivalen 2016. Me er stolte over det me har fått til saman med samarbeidspartnerane våre og fleire hundre frivillige, og me er også svært glade for dei mange tilbakemeldingane me har fått både frå publikum og deltakarar. Dykkar støtte til arbeidet vårt ha vore veldig viktig, og me set stor pris på engasjementet de har vist gjennom å bidra med økonomisk stønad og andre tenester.»

### **Andre gåver og tilskot**

Av andre større kulturelle tiltak som me har gjeve gave eller sponsorstøtte til, utover den ordinære gåvetildelinga, kan nemnast: Julekonsertar i Sogndal kulturhus, kyrkjeconsertar i Dale, Vik, Leikanger, Årdal og Gaupne kyrkje, Luster Danseverkstad, Sogndal Danseverkstad, Gaupne Skule- og Ungdomskorps 50 årsjubileum, Russen ved Sogndal Vidaregåande Skule (kreftforeininga), TV-aksjonen 2016, Røde Kors Luster kommandovogn, Luster Ambulansestasjon øvingsdokke, Folk Flest konsert Sogndal Kulturhus, Luster Lions el-sykkel, Gaupne Bygdalag julebelysning, MR ved Lærdal sjukehus, Indre Hafslo Spelemannslag konsertar i Fet Kyrkje, Sogndal Convention 2016, Gaupne Bygdalag klatrepark i Gaupne, Bergrosa 4H Naturmøteplass ved Hanaskjeren.

Banken støttar Kulturdagane på Skjolden, Olsokmarknaden i Fortun og Lustramarknaden økonomisk, samstundes som me deltek aktivt med stand på Lustramarknaden.

Vidare vil me trekka fram utdeling av kultur- og næringsstipend til ungdom. Seks ungdomar med ambisjonar om å utvikla eigne idéar og talent vart tildelte ungdomsstipend på kr 10.000 kvar under Lustramarknaden 2016. Målet med ungdomsstipendet er å støtta opp om unge mellom 16 og 25 år som har ambisjonar. Stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan song, musikk eller annan kultur, vil utvikla seg innan idrett/sport, eller har gode idéar og planar om å driva eiga næringsverksemd.

Luster Sparebank med fleire har saman med idrettslag i kommunen oppretta eit «laug» som deler ut stipend til ungdommar som er «på veg» til elitenivå i sin idrett. Det er idrettslag som melder inn kandidatar til lauet.

Sparebankveka 2016 hadde arrangement i Luster, Skjolden, Jostedal, Solvorn og Veitastrond, i tillegg til Gaupne og Hafslo. Det var god oppslutnad. Tømmepremie var «matboksen «Hugs Nistao»» som såg ut til å falla i smak. I tillegg blei det trekt ut 2 vinnrarar som fekk kvar sin mini Ipad.

## Lokalmarknaden

### Folketalsutvikling i Luster:

År	Innbyggjarar	År	Innbyggjarar
<b>1970</b>	<b>5.126</b>	<b>2012</b>	<b>5.041</b>
<b>1980</b>	<b>5.102</b>	<b>2013</b>	<b>5.089</b>
<b>1990</b>	<b>5.172</b>	<b>2014</b>	<b>5.118</b>
<b>2000</b>	<b>5.003</b>	<b>2015</b>	<b>5.093</b>
<b>2010</b>	<b>4.945</b>	<b>2016</b>	<b>5.173 prog</b>

Det er svært viktig for utviklinga i kommunen at folketalet blir oppretthalda. Det er då gledeleg å sjå at me har hatt ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Dersom berekningane stemmer, er 2016 året med størst folkevekst i Luster på over 25 år (bortsett frå unntaksåra 93/94 med flyktningar frå Bosnia som vart talde med i folketalsstatistikken). Om lag 17 % av innbyggjarane er 67 år eller eldre, noko som inneber at Luster kommune har forholdsvis høg snittalder.

Ei utfordring for Luster, til liks med mange andre distriktskommunar, er at ein svært stor del av ungdomane tek høgare utdanning i andre delar av landet, og at arbeidsmarknaden for personar med slik utdanning er avgrensa. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre kommunar grunna kort avstand til Sogndal og Leikanger. Det pendlar ca 700 personar ut av kommunen og ca 200 personar inn til kommunen. Ei utfordring blir då å gjera Lustrasamfunnet attraktivt å bu i sjølv om arbeidsplassen ligg i ein nabokommune.

Statistisk sentralbyrå sin statistikk syner at det var registrert 42 arbeidsledige, det vil sei 1,5 %, i Luster kommune ved utgangen av desember 2016. Dette er eit svært lågt tal, tilsvarande tal for 2015 var 34.

## Næringslivet i Luster

Luster Sparebank finansierer eksisterande og nye verksemder. Banken har som mål å medverka til ei aktiv næringsutvikling i kommunen. Banken har eit godt og tett samarbeid med Luster kommune i næringssaker.

Reiselivet generer stadig meir trafikk og Visit Sognefjord rapporterer at talet på gjestedøgn i Sogn har auka med 76.853 i 2016 (januar – november månad) som er ein auke på 13,2 %. Auken i 2015 var på 36.279 gjestedøgn. Tala frå Visit Sognefjord viser at hytte/camping har ein auke på heile 22,8 %, medan hotellnæringa kan vise til ein auke på 5,3 %. Hotellnæringa hadde ein stor auke i 2015 på heile 30,5 %. Det er dei utanlandske turistane som står for den største auken. Ser me berre på utanlandske turistar, har me ein auke i gjestedøgn totalt for Sogn på 63.738 som er ein auke på heile 18,0 %. Auke av gjestedøgn for den norske turisten viser ein auke på 13.115 gjestedøgn, som tilsvarar ein auke på 5,8 %.

Skjolden Hotell har hatt sitt første driftsår med Siri og Aslak Dalehaug som nye eigalarar og drivarar av hotellet. Dei nye eigalarane rapporterer om god omsetnad. Det er samstundes gjort omfattande oppgradering ved hotellet.

Luster kommune tilbyr gunstige finansieringsordningar for å stimulera til investeringar innan landbruket. Tiltaka frå kommunen si side ser ut til å fungera, og me har fleire bønder som satsar og byggjer nye driftsbygningar. Dette gjeld spesielt innan sauenværinga.

Aktiviteten i bygg- og anleggsbransjen lokalt har halde seg på eit relativt høgt nivå i løpet av året. Luster Sparebank har delteke i finansieringa av fleire større lokale bustadutbyggings- prosjekt. Fleire nye bustadfelt er under utbygging i kommunen. Utviklinga framover er etter vår vurdering svært avhengig av aktiviteten i lokalmarknaden og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Massiv Lust AS er eit selskap som har drive innan bygg- og anleggsbransjen. Selskapet har gjort vedtak om å avvikla aktiviteten i Luster og satsa vidare i selskapet Massiv Holding AS som er lokalisert i Kongsvinger.

Det er bygt fleire nye næringsbygg i kommunen i år, noko som vitnar om optimisme og ny aktivitet.

Skjolden Eigedom AS har i 2016 bygt nytt forretningsbygg på Skjolden og inngått leigeavtale med Coop Vest. Bygdefolket i Skjolden stifta eigedomsselskapet og takka vera stor aksjekapital frå bygdefolket og mykje dugnad har bygda no fått ei stor moderne forretning midt i Skjolden sentrum. Det er gledeleg at lokalbanken kan vera med å realisera denne type prosjekt.

Næringslivet i Luster representerer eit breitt spekter av ulike næringar. Mange av verksemdene er høvesvis små, noko som kan vera ein fordel i ei tid med store omstillingar og krav til raske handlingar. Utfordringar som sentraliseringspolitikk, netthandel og andre utviklingstrekk i tida merkast også i Luster. Dette fordrar aktørar som kan medverka til å til å oppretthalda aktivitet og utvikling i lokalsamfunnet.

Som ei oppsummering kan ein seia at næringslivet i Luster går rimeleg bra med stabil drift og akseptabelt økonomisk resultat. Som lokal bank prøvar me etter beste evne å hjelpe både etablerte og nye verksemder med finansiering og råd, og på den måten bidra til eit aktivt næringsliv i Luster kommune.

## Arrangement

Luster Sparebank og Luster kommune har gjennom mange år arrangert temamøte for næringslivet. Det har vore ulike tema, og jamnt over med svært god interesse. Me arrangerte i 2016 eit temamøte saman med Luster kommune, der tema var:

«Med begeistring som kraftkilde» ved Tom Åge Myren. Foredraget var på Fjordstova. Det nye vertskapet på Skjolden Hotell AS presenterte då seg sjølve og hotellet slik det framstår etter oppgraderinga.

Me arrangerte også eit temamøte på Eikum Hotell AS saman med Sogn Næring og kommunane Luster, Sogndal og Leikanger. Tema for møtet var «kvinner i næringslivet».

Begge arrangementa hadde svært godt oppmøte, og det er gledeleg å sjå at slike arrangement også dreg deltagarar frå nabokommunane.

## Teknologisk utvikling i banken

Kundane våre nyttar stadig meir digitale media i sin kommunikasjon med omverda. Denne utviklinga er banken med på. I 2016 har me blant anna teke i bruk:

- E-signering av fleire typar dokument
- E-tinglysing
- Ny Smartbank (nettbank)
  - Straksbetaling
  - Småsparing
  - 2-vegs sikker postkasse
- Ny Mobilbank
  - Smaopaing
- Ny type bankkort utan bilette
- Mobilbank for bedrift

Banken har siste åra medvite profilert seg gjennom Facebook og Instagram.

## **Samarbeidspartnarar**

### **Dei Samarbeidande Sparebankane (DSS)**

Samarbeidet med DSS er særsviktig for Luster Sparebank. Bakgrunnen for samarbeidet er at bankane kan trekka synergier gjennom mellom anna innkjøpsavtalar, meirsal, kostnadssparing og andre stordriftsfordelar. Deltakarar i samarbeidet er: Spareskillingbanken, Haugesund-, Etne-, Flekkefjord-, Lillesand-, Skudeneshavn- & Aakra-, Søgne og Greipstad-, Voss- og Luster Sparebank.

### **Framtidsfylket AS**

Framtidsfylket er eit selskap eigd av næringsorganisasjonar, arbeidsgjevarar, fylkeskommunen og kommunar og har som hovudmål: Vekst og verdiskaping i Sogn og Fjordane gjennom rekruttering av kompetent arbeidskraft. Luster Sparebank er medeigar i selskapet.

### **Frende Forsikring AS – Frende Holding AS**

Luster Sparebank gjekk i 2007 inn på eigarsida i forsikringsselskapet Frende Forsikring. Saman med 14 andre sparebankar vart dermed Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS stifta. Både skade- og livselskapet har tilhald i Bergen. For banken betyr dette at me via Frende kan tilby eit totalt forsikringsprodukt med både liv- og skadeforsikring. Banken har brukt ressursar på forsikringssatsinga, og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat.

### **Norne Securities AS**

Luster Sparebank har ein eigapost i verdipapirføretaket Norne. Via Norne kan Luster Sparebank tilby kundar som ønskjer å handla enkeltaksjar eit svært godt handels- og portefølgjesystem. Her ligg også sals- og kjøpsrettleiingar med utfyllande kommentarar.

### **Verd Boligkreditt AS**

Luster Sparebank er medeigar i Verd Boligkreditt AS. Bustadkredittselskapet er med på å sikra banken betre funding og likviditet.

### **Brage AS**

Saman med blant anna DSS-bankane, Fana Sparebank og Sparebanken Vest etablerte Luster Sparebank eit leasingselskap i 2010.

### **Eiendomskreditt AS**

Luster Sparebank er aksjonær i Eiendomskreditt AS som held til i Bergen. Eiendomskreditt AS og datterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker er samarbeidspartnarar som blir nytta i samband med innlån av midlar og dei er aktuell partnar i større låneengasjement.

### **Fondsselskap**

Luster Sparebank har distribusjonsavtalar med DNB og fondsselskapet Odin og Skagen Fondene. Dette gjer at banken kan tilby kundane spare- og fondsprodukt frå fleire aktørar.

# Økonomisk utvikling 2016

## Norsk økonomi

Veksten i norsk fastlandsøkonomi enda på 0,7 % i 2016, ein nedgang frå 1,1 % i 2015. Dette var det svakaste året sidan finanskrisa, og ber preg av at økonomien er i ein omstillingsprosess. Utsiktene framover blir vurderte som positive, men det er framleis usikkert kor raskt aktiviteten vil ta seg opp.

Oljeprisen var framleis låg ut i januar 2016, men steig gjennom året. Dette var godt nytt for ei petroleumsnæring som framleis er i ein krevjande situasjon. Ein høgare oljepris har ført til ei sterke krone, noko som har redusert konkurranseevna til tradisjonell eksportnærer i seinare tid. Krona er likevel svakare enn i perioden før oljeprisen byrja å falla hausten 2014. Oljeinvesteringane gjekk endå meir ned i 2016. Nivået fall, slik som året før, med om lag 15 %. Ifølge Norges Bank vil investeringsnivået gå ned med i overkant av 11 % i 2017, noko som vil vera negativt for veksten i norsk økonomi.

Med auka arbeidsløyse og låg aktivitet i økonomien generelt var det venta at veksten i bustadprisane skulle avdempast som i 2015. Som følgje av mellom anna lågare bustadlånrenter snudde likevel prisutviklinga oppover, og enda med ein vekst på 8,3 % for landet sett under eitt. Utviklinga var prega av regionale skilnadar, med svært kraftig vekst i Oslo og negativ vekst på Sør-Vestlandet, som er hardast råka av verknadane av oljeprisfallet. Styresmaktene har lenge vore bekymra for utviklinga i bustadprisane, særleg etter som det medverkar til å auka gjeldsveksten i hushaldningane. For å avgrensa veksten vedtok Finansdepartementet å skjerpa krava i bustadlånsforskrifta frå og med 1. januar 2017. Endringane inkluderer ei maksimalramme på lån tilsvarende fem gonger brutto inntekt og meir restriktive reglar for Oslo. Bustadlånsforskrifta gjelder fram til 30. juni 2018.

Pengepolitikken vart halden svært ekspansiv gjennom 2016. Hovudstyret i Norges Bank gjennomførte eitt rentekutt i mars, frå 0,75 % til 0,5 %. Sentralbanken har ikkje lagt opp til vidare reduksjon av styringsrenta i sin prognose, men utelukkar heller ikkje eit negativt rentenivå dersom norsk økonomi skulle rammas av store negative påverknader.

## Internasjonal økonomi

2016 var eit år prega av store omveltingar på den politiske scenen. Med blant anna «Brexit» går den globale økonomien ei meir usikker framtid i møte. For Noreg sin del vart utviklinga spesielt prega av den pågående omstillingsprosessen som var ei sentral årsak til at veksten enda på det svakaste sidan finanskrisen.

## Global utvikling

Fjoråret vart innleia med vesentleg marknadsturbulens og frykt for ny global krise. Uvisse om Kina sin økonomiske situasjon var ein av faktorane som førte til at oljeprisen fall ned til under 30 USD per fat i januar. Gjennom året steig oljeprisen til noko over 50 USD fatet, etter blant anna semje om produksjonskutt i OPEC-landa mot slutten av året. Børsane i verda enda, etter den svært svake starten, med ei god utvikling sett under eitt.

I eurosona enda veksten i 2016 på 1,7 %, noko som var ein lågare veksttakt enn året før. Utviklinga var likevel betre enn venta og blei påverka av auka vekst i privat forbruk, dette som følgje av låg inflasjon og såleis høgare vekst i hushaldningane si realinntekt. Framover er det derimot utsikter til auka prisvekst som vil kunne avdempa denne positive utviklinga. I tillegg er det stor uvisse knytt til Storbritannia sin framtidige handelsavtale med EU og ikkje minst i samband med val i fleire europeiske land. Den europeiske sentralbanken har halde fram med sin svært ekspansive pengepolitikk med negativ styringsrente kombinert

med kjøp av store volum verdipapir («kvantitativ lette»). Kjøpsprogrammet skal vara ut 2017, men kan bli lenger dersom sentralbanken finn det naudsynt.

Det økonomiske biletet i USA er vesentlig betre enn i eurosona. 2016 var rett nok prega av eit svakt første halvår, men aktiviteten tok seg opp mot slutten av året. Arbeidsmarknaden har hatt ei positiv utvikling over ein lengre periode og inflasjonen har byrja å stiga. Som ein konsekvens har sentralbanken FED auka styringsrenta to gonger, i desember 2015 og desember 2016. Det er venta at FED vil auka renta også framover, men talet på hevingar vil truleg bli avgrensa av omsynet til verdien av USD sett på bakgrunn av den ekspansive pengepolitikken i eurosona, Storbritannia og Japan. Samstundes er det venta ein vesentleg meir stimulerande finanspolitikk etter skiftet av president i USA. Potensielt høgare aktivitet og prisvekst vil tala for eit høgare amerikansk rentenivå.

Veksten i framvekstande økonomiar enda i 2016 på 4,1 %, mykje over veksten i industriland. Kina medverkar vesentleg til denne utviklinga og har førebels unngått ei hard landing, som følgje av mellom anna ein meir ekspansiv pengepolitikk og god forbruksvekst. For å nå vekstmåla til styresmaktene er likevel kreditt og investeringar sentrale faktorar, noko som kan gje auka risiko på sikt. Dette hindrar også omstillinga mot forbruk som ein hovuddrivar for den økonomiske aktiviteten. I tillegg eksisterer det andre risikomoment, som styresmaktene sine tiltak for å stansa bustadspekulasjon samt auka kapitalstraumar ut av landet, på grunn av høgare dollarrenter og forventningar om svakare yuan.

## Resultat og Balanse for 2016

Banken sitt ordinære resultat etter skatt syner eit overskot på kr 29,7 millionar for 2016. For 2015 var resultatet kr 27,3 millionar.

Rentenettoen er på 1,76 % i 2016 mot 1,87 % i 2015. Årsaka til nedgang i rentenetto er omlegging i forvaltning av banken sin likviditetsbuffer. I 2016 har likviditetsbufferen blitt plassert i rentefond. Avkastning av rentefond blir inntektsført som utbytte. Utbytte er ikkje ein del av rentenettoen. Tidlegare år er likviditetsbufferen blitt plassert i obligasjonar. Avkastinga av obligasjonar blir inntektsført som renteinntekt og er med i rentenettoen. Dersom avkastninga av rentefond hadde blitt inntektsført som ein del av rentenettoen, hadde Luster Sparebank hatt ein rentenetto for 2016 på 1,84 %.

Utbyttet har i 2016 auka i forhold til 2015. Det er to årsaker til dette. Omlegging av forvaltning av likviditetsbuffer har auka utbyttet. I tillegg er Visa Europe Ltd. i 2016 blitt selde til Visa Inc. Visa Norge FLI var deleigar i Visa Europe Ltd og fekk dermed ein del av salsvederlaget. Dette salsvederlaget blei av Visa Norge FLI fordelt på eigarane. Luster Sparebank kunne som ein følgje av desse transaksjonane inntektsføre kr 2,2 millionar i utbytte.

Driftskostnadane er i kroner lågare i 2016 enn i 2015. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene i 2016 1,11 %. Dette er ein nedgang samanlikna med 2015 då dei var på 1,23 %. Banken gjennomførte i 2015 saman med andre bankar i DSS eit prosjekt for val av strategisk samarbeidspartner på IT-sida. Denne prosessen ser ein resultatet av i 2016 i form av lågare IT-kostnadar.

Driftskostnadsprosenten er definert som forholdet mellom driftskostnadar og driftsinntekter. Luster Sparebank har ein driftskostnadsprosent på 46,52 %. Dette er lågare enn i 2015 då den var på 52,55 %. Kostnadsprosenten er låg i forhold til samanliknbare bankar.


Driftsresultat før tap for 2016 er på kr 40,5 millionar, som er kr 7,8 millionar betre enn i 2015.

Banken har kostnadsført kr 2,2 millionar i tap på utlån i 2016. Årsak til kostnadsføring er i hovudsak nedskrivingar på grupper av utlån som har auka frå kr 13,8 millionar pr. 31.12.2015 til kr 17,6 millionar pr. 31.12.2016. Misleghaldne/tapsutsette lån i prosent av brutto utlån er på 0,70 % pr. 31.12.2016. Det har halvert samanlikna med 31.12.2015 då denne prosentsatsen var på 1,42 %.

Resultatet for år 2016 tilrår styret å nytte slik:

Avsetjing til gavefond	kr 1.800.000
Avsetjing til gåver	kr 3.000.000
Overført til sparebanken sitt fond	<u>kr 24.898.515</u>
<b>Sum disponert</b>	<b><u>Kr 29.698.515</u></b>

Forvaltningskapital, utlån inkludert overføring til bustadkreditselskap og innskot har alle auka i 2016. Forvaltningskapitalen har auka med 5,5 %. Utlån inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 10,5 %. Innskota har auka med 7,6 %.



I langsiktig finansiering har banken fire obligasjonslån plassert i marknaden.

I tillegg har me langsiktige lån via Kreditforeningen for Sparebanker. Banken har ved årsskiftet lånt inn kr 425 millionar. Av dette har kr 115 millionar forfall i 2017.

Kapitaldekkinga til banken pr. 31.12.2016 var 20,66 % mot 20,22 % pr. 31.12.2015. All eigenkapital i Luster Sparebank er kjernekapital. Eigenkapital i prosent av eigen balanse var 12,33 %.

Luster Sparebank har ved utgangen av 2016 ein bokførd eigenkapital på kr 399,7 millionar. Av dette er kr 16,9 millionar avsett til gavefond.

Rekneskapen er sett opp under føresetnad om "framleis drift".

# Risikostyring, internkontroll og compliance

Risikostyring, internkontroll og compliance er eit område styret legg stor vekt på. Overordna rammer for banken sin risikoeksponering og styring vurderast og blir fastsette årleg gjennom banken sine styrande dokument, og blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering til Styre, årleg budsjettering og gjennom banken sin kvalitetssikring. Banken har følgjande risikoar:

## Kreditrisiko

Kreditrisiko er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjere opp sine forpliktingar overfor banken. Dette er den største risikoen for banken og relaterer seg i hovudsak til utlån og garantiar ovanfor kundar. Styret vurderer kreditrisikoen til å vera moderat for lån til personmarknaden, men noko større på utlån til næringslivet.

Av samla utlån er 71,9 % til personmarknaden og 28,1 % til næringslivet og det offentlege.

Styret vurderer utlåna som godt sikra. Banken har få store engasjement til næringslivet. Misleghald og tapsutsette person- og næringslivslån har gått ned i 2016 jamfør note 2.7. Desse engasjementa blir følgde opp kvartalsvis av styret.

Det er utarbeida Strategi for kreditrisiko, samt kreditpolicy og kredithandbok.

For å halda oversikt over risikoeksponeringa til banken har styret fastsatt fleire rammer og måltal som rapporterast kvartalsvis. Rapporteringa viser blant anna porteføljeutvikling, store engasjement, engasjement fordelt på risikoklasse, utsette og misleghaldne engasjement. På privatmarkanden er det i tillegg rapportering etter retningslinjer fra Finanstilsynet i samsvar med forsvarleg bustadfinansiering.

Målsetjinga er vidare å følgja opp med kundemøte for å få ein tett og god dialog med kundane. Sjå elles note 2.3 over utvikling i risikoklassifisering.

Samla tapsnedskrivningar på kr 23 millionar, er etter styret si vurdering tilstrekkeleg til å dekka banken sin kreditrisiko på utlån. Banken sine obligasjonar er vurderte til lågaste av kostpris og marknadsverdi.

Banken har ei langsiktig målsetning at tap i prosent av brutto utlån i eigen balanse ikkje skal vera over 0,1 %.

## Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følgje av opne posisjonar i valuta-, rente- og eigenkapitalinstrument. Risikoen er knytt til tap som følgje av svingingar i marknadsprisar og kursar. Styret har utarbeida Strategi for Marknadsrisiko som fastset styringsmål og risikotoleranse for banken sin marknadsrisiko.

## Renterisiko

Renterisiko oppstår ved at det er ulik rentebindingstid på banken sine fordringar og gjeld.

Luster Sparebank hadde pr. 31.12.2016 ein renterisiko på 1,83 mill. kr ved ei renteendring på 2 %. Renterisikoen pr. 31.12.15 var på kr 5,56 mill. Luster Sparebank har i 2016 inngått rentesikringsavtale for å styra renterisikoen.

Banken har ved utgangen av 2016 lånt ut kr 143 mill. i fastrentelån mot kr 130 mill. i 2015.

Gjennomsnittleg bindingstid for fastrentelån er på 2,69 år. På innlånnssida har banken kr 57,4 millionar i innskot med rentebinding frå kundar og kr 425 millionar i innlån og utstedt obligasjonslån med kvartalsvise renteendringar.

Styret vurderer at banken er netto lite eksponert for renterisiko. Det er sett ramme for renterisikoen.

### **Aksjerisiko**

Banken har òg risiko knytt til aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis. Papira har god spreiing og volumet er delt på fleire sektorar. Dei største sektorane er bankar, andre finansinstitusjonar og kraft. Styret får månadlege rapportar om behaldning og avkastning på verdipapira saman med spesifisert oppgåve over kjøp og sal.

### **Valutarisiko**

Banken har for tida ikkje valutarisiko.

### **Likviditetsrisiko**

Likviditetsrisiko er i hovudsak risiko for manglande evne til å kunna innfri gjeld ved forfall eller store kundeuttak. Bankens utlånsportefølje har lang løpetid, medan størstedelen av banken sine innskot ikkje har oppseiingstid. Dette gjev likviditetsrisiko. Då innskota er fordelt på mange uavhengige innskytarar, er dermed risikoen liten for at ein stor del av innskota skal bli tatt ut samtidig. Banken reknar derfor innskota som ein del av den langsiktige fundingen. Banken har alltid hatt ei god innskotsdekning sett i forhold til sparebankane elles. Innskotsdekninga ved årsskiftet var 87,67 % (88,92 % i 2015). God innskotsdekning er ein risikoreduserande faktor, og i seg sjølv eit viktig strategisk mål for banken. Det vil derfor vera sterkt fokus på innskotssvekst også i åra framover. Banken har likvide verdipapir som raskt kan omsettast ved behov. Banken har sikra seg kredittlinjer til Norges Bank og andre bankar som vil bli tatt i bruk dersom det skulle bli behov. Banken har til ei kvar tid lån som er klargjorde for å kunna overførast til bustadkreditselskapet «Verd Boligkredit AS». Styret vurderer banken sin likviditetsrisiko som akseptabel. Det er utarbeida Strategi for Likviditetsrisiko, samt kvartalsvis risikorapport på området.

### **Operasjonell risiko**

Operasjonell risiko kan definerast som risikoen for tap som skuldast utilstrekkeleg eller sviktande interne prosessar, svikt hos menneske og i system eller eksterne hendingar.

Styret har utarbeida styringsdokumentet: «Strategi for operasjonell risiko». Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til bruk av IKT. Banken har ein stor del utkontraktert IT via vår leverandør Evry. Gjennom samarbeidet i DSS-bankane blir det kontinuerleg arbeidd med utvikling av kontinuitetsløysingar og katastrofeberedskap som er viktige for å sikra stabilitet og tilgjengeleghet.

Det blir samtidig arbeida internt med å sikra tilstrekkeleg kompetanse for å redusera den operasjonelle risikoen. Banken sine sikkerheitssystem er omfattande og blir vedlikehaldne og testa periodisk. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som tilfredstillande.

## **Personale – arbeidsmiljø**

Ved utgangen av 2016 hadde me 26 fast tilsette medarbeidarar, av desse var 10 deltidstilsette. Banken har ein trainee ved slutten av året i heil stilling (Det var 32 søkerar til stillinga). Dette er fjerde gongen banken har trainee, to av dei tidlegare traineeane har i dag arbeidsplassen sin i banken. Trainee er ei ordning der nyutdanna har eit engasjement i eitt år. 52 % av banken sine tilsette er kvinner. Gjennomsnittsalderen for banken sine tilsette er 49 år og gjennomsnitt tilsetjingstid er 18 år. Ein vikar har fått fast arbeid i Luster Sparebank i 2016. Ingen tilsette har slutta. Me har ikkje tilsett nye medarbeidarar i 2016.

Dei tilsette medrekna feriekaren utførte 20,25 årsverk dette året.

Me er ei næring der det er stor konkurranse og marginane er små. Dette gjer at endringar er ein del av kvardagen for dei tilsette. Me jobbar vidare med at den enkelte kunderådgjevar skal ha kunnskap om alle produkt banken tilbyr, og at kunden skal kunna halda seg til ein kunderådgjevar.

Det er oppretta ei marknadsgruppe med hovudoppgåve å ta seg av det totale marknadsarbeidet i banken. Dette inkluderer også rådgjeving- og salsoppfølging av dei tilsette. Marknadsgruppa har det overordna ansvaret for marknadsarbeidet og rapporterer direkte til banksjef.

Banken ser det som viktig at dei tilsette held seg i god fysisk form og har gjeve støtte til tilsette som nytta treningsenter. Me har også i 2016 hatt sjølvregistrering av trim under motto: "Ut på tur der du bur". Banken er og med på opplegget "prosjekt sjukefråvær" ved Luster Treningssenter. Fleire av dei tilsette har i løpet av året nytta seg av tilboden, og tilbakemeldingane er svært gode. Korttidssjukefråværet var på 1,97 % i 2016. Samla sjukefråvær har vore 8,75 %.

Luster Sparebank følgjer Hovudavtalen og Sentralavtalen som er utarbeida mellom Finans Norge (arbeidsgjevarorg.) og Finansforbundet (arbeidstakarorg.). I tillegg har me personalhandbok og eigen Bedriftsavtale som er utarbeidd mellom leiing og tillitsvalde.

Banken er ei IA-verksemrd (IA = inkluderande arbeidsliv). Luster Sparebank har utarbeidd eigne mål og rutinar i samsvar med IA-avtalen. Banken er medlem av Bedriftshelseteneste 1. Tillitsvalde, verneombod og leiinga i banken prioriterer korleis banken skal nytta ressursane som er tilgjengelege i bedriftshelsetenesta. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tillitsvalde i Luster Sparebank. Den tradisjonelle familieturten vart i år gjennomført i mars og gjekk til Storefjell. Det var god deltaking og svært gode tilbakemeldingar.

Det vart i 2015 teikna helseforsikring for dei tilsette. Alle tilsette i Luster Sparebank er frå 01.01.2015 tilknytte innskotspensjon med maksimumssatsar.

### **Kompetanseutvikling**

Luster Sparebank sin viktigaste ressurs er medarbeidarane sin kompetanse og evne til å avdekka og dekka behovet til kundane våre.

Luster Sparebank har eigen utdanningsavtale og legg tilhøva til rette for tilleggsutdanning. Me gler oss over at i 2016 har fem tilsette gjennomført autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar (AFR). Ved å ha god og oppdatert bankfagleg kompetanse kan me yta kundane våre best mogeleg rådgjeving og service. Administrasjonen og tillitsvalde er i tillegg einige om ein eigen kompetanseavtale gjeldande frå 01.01.2016.

Luster Sparebank er oppteken av at tilsette og tillitsvalde i banken har stillingar og verv etter kompetanse. Ut frå eit likestillingsperspektiv har banken prøvd på best mogeleg måte å leggja tilhøva til rette både for kvinner og menn.

Funksjon	Kvinner	Menn
Generalforsamling	50 %	50 %
Styret	40 %	60 %
Tilsette	52 %	48 %

### **Styret sitt arbeid**

Banken sitt styre har 5 medlemmer. Banksjef deltek på styremøta, men er ikkje medlem av styret. Styret har i 2016 hatt 10 styremøte. Styremøta skjer etter fast årsplan. Styret evaluerer årleg si samansetjing og arbeidsform og følgjer kontinuerleg opp vedtekne planar og budsjett. Styret er revisjon-/og risikoutval. I 2016 har styret lagt særleg vekt på rekneskap, strategi, internkontroll, risikostyring (inkl ICAAP), oppfølging av likviditet-, marknads,-kreditt og operasjonell risiko.

### **Utsiktene framover**

Luster Sparebank er ein sjølvstendig, aktiv og tilgjengeleg bank. Banken er ikkje tilslutta nokon av dei store bankgrupperingane. Som frittståande bank må me òg setja høge krav til intern kompetanse. Gjennom dette arbeidet står me betre rusta til å møta framtida med nye krav og utfordringar. Auka kompetanse styrker tilbod og service, og gjer banken til ein enno betre medspelar overfor næringslivs- og privatkundar. Dette er òg viktig for det gode samarbeidet me har med offentleg sektor.

Styret har god tru på at 2017 vil bli eit godt år for Luster Sparebank, sjølv om konkurransen ikkje vil bli mindre enn før – snarare tvert om. Kampen om dei gode kundane blir hardare og me må rekna med at presset på rentemarginen held fram. Det er viktig å ha fokus på rentemarginen, då den er avgjerande for eit godt resultat.

Andre driftsinntekter er viktige i tida framover. Banken arbeider aktivt med kvalitetssikring og utvikling av organisasjonen. Det å sikra ein sunn økonomi er viktig med tanke på å oppretthalda banken si gode rating og dermed få så låge påslag på innlån (funding) som mogeleg.

Sikring av banken sin likviditet må framleis vera ei prioritert oppgåve, både å oppretthalda og auka kundeinnskot og å sikra seg tilgang til andre langsiktige innlån.

På kredittområdet er det viktigare enn nokon gong å ha høg kvalitet og oppfølging av enkeltengasjement.

Luster Sparebank har solid økonomi. Banken har opparbeidd ein eigenkapital stor kr 400 millionar som tilhøyrer lokalsamfunnet. Eigenkapitalen er avgjerande for å kunna halda fram som sjølvstendig bank og medverka til lokal næringsutvikling.

Styret har som mål at Luster Sparebank til ei kvar tid skal tilby relevante produkt og tenester til konkurransedyktige prisar. Personleg kontakt, tillit, rådgjeving, raske avgjerder og god service er viktige element som me ønskjer å ivareta og vidareutvikla.

Utover dette ser styret det viktig som lokalbank å vera ein aktiv støttespelar og pådrivar i utviklinga av lokalsamfunnet og næringslivet.

## Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette

Med dette takkar me kundane og bygdefolket for svært god oppslutnad om Luster Sparebank. Me rettar og ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid i året som har gått. Luster Sparebank er ein solid bank, og med kompetente og serviceinnstilte medarbeidarar er me godt rusta til å møta framtidige utfordringar og kundane våre sine behov.

Luster Sparebank ser fram til stort engasjement og godt samarbeid i 2017 til beste for kundane og interessegruppene elles.


Gaupne, 17. februar 2017

STYRET FOR LUSTER SPAREBANK

  
Bjarne Venjum  
leiar

  
Ove Nyland  
nestleiar

  
Anette Stegegjerdet Norberg

  
Randi Bugge

  
Inge Teigen

  
Oddstein Haugen  
banksjef

## RESULTATREKNESKAP

Tal i heile kr 1000	NOTE	2016	2015
<b>RENTEINNTEKTER OG LIKNANDE INNTEKTER</b>			
Renter av utlån til og krav på kreditteinstitusjonar		1.466	2.296
Renter og liknande inntekter av utlån til kundar	2.4 - 7.2	84.145	94.373
Renter av obligasjonar og andre verdipapir		590	3.304
		86.201	99.973
<b>RENTEKOSTNADAR OG LIKNANDE KOSTNADAR</b>			
Renter på gjeld til kreditteinstitusjonar		3.607	4.841
Renter på innskot frå kundar		21.281	33.202
Renter på utstedte verdipapir		4.126	4.762
Andre rentekostnadars og liknande kostnadars	10	1.676	30.690
		30.690	1.515 44.320
<b>NETTO RENTE- OG KREDITPROVISJONSINNTEKTER</b>			
		55.511	55.653
<b>UTBYTTE OG ANDRE INNTEKTER AV VERDIPAPIR</b>			
		7.744	7.744
		7.744	3.252 3.252
<b>PROVISJONS/ANDRE INNTEKTER FRÅ BANKTJENESTER</b>			
Garantiprovisjon		618	471
Andre gebyr og provisjonsinntekter	1.2 - 9	12.103	12.721
		12.103	10.490 10.961
<b>PROVISJONS/ANDRE KOSTNADER FRÅ BANKTJENESTER</b>			
		1.637	1.637
		1.637	1.649 1.649
<b>NETTO VINST/TAP AV VALUTA OG VERDIPAPIR</b>			
Netto vinst/tap på aksjar		-391	-305
Netto vinst/tap på obligasjonar		171	-383
Netto vinst/tap på valuta		350	130
		350	374 -314
<b>ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>			
	12	1.236	1.236
		1.236	1.373 1.373
<b>LØN OG GENERELLE ADMINSTRASJONSKOSTNADAR</b>			
Løn, pensjonar og sosiale kostnadars	7 - 20	16.817	16.688
EDB-kostnadars		7.156	8.107
Administrasjonskostnadars		5.222	29.195
		5.222	5.127 29.922
<b>ORDINÆRE AVSKRIVINGAR</b>			
	6 - 12.1	2.302	2.302
		2.302	2.575 2.575
<b>ANDRE DRIFTSKOSTNADAR</b>			
	12	3.661	3.661
		3.661	4.070 4.070
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAR</b>			
	2.2	2.229	2.229
		2.229	3.303 3.303
<b>NEDSKRIVING OG VINST/TAP PÅ LANGSIKTIGE VERDIPAPIR</b>			
Netto nedskr/gevinst/tap på anleggsaksjar		0	-126
Gevinst sal anleggsaksjar		0	6.582
		0	6.456
<b>SKATT PÅ ORDINÆRT RESULTAT</b>			
	15 - 16	8.619	8.619
		8.619	8.574 8.574
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>			
		29.699	27.288
<b>OVERFØRINGAR OG DISPONERING AV ÅRSRESULTAT</b>			
Til gávefond	18	1.800	1.800
Til gáver	18	3.000	2.000
Overført til sparebankens fond	18	24.899	29.699
		24.899	23.488 27.288

**BALANSE**

Tal i heile kr 1000

NOTE 31.12.2016

**31.12.2015****EIGEDELAR****KONTANTAR OG INNSKOT I****NORGES BANK**13 47.616 47.616 63.771 63.771**UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ****KREDITTINSTITUSJONAR**Utlån og fordringar utan avtalt løpetid  
Utlån og fordringar med avtalt løpetid13 70.775 70.702 141.477 78.887 132.184 211.071**UTLÅN TIL KUNDAR**Kassa-/drifts- og brukskredittar  
Byggelån  
Nedbetalingslån254.019 103.971 2.357.141 229.823 51.028 2.207.114**SUM UTLÅN FØR NEDSKRIVINGAR**

2-7-13 2.715.131 2.487.965

- Nedskriving på individuelle utlån  
- Nedskriving på grupper av utlån2 -5.405 2 -17.600 -7.944 -13.800**SUM NETTO UTLÅN TIL KUNDAR**

2.692.126 2.466.221

**SERTIFIKAT OG OBLIGASJONAR****MED FAST AVKASTNING**Obligasjoner utstedt av det offentlege  
Sertifikat og obligasjoner utstedt av andre4 0 12.800 19.841 12.787 32.628**AKSJAR OG VERDIPAPIR MED****VARIABEL AVKASTNING**Pengemarknads- og obligasjonsfond  
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis  
Aksjefond5 234.618 66.489 9.671 310.778 204.523 49.128 9.685 263.336**UTSETT SKATTEFORDEL**

15 4.943 4.943 4.760 4.760

**VARIGE DRIFTSMIDLAR**Maskinar,inventar og transportmidlar  
Bygningar og anna fast eigedom6 3.465 3.734 7.199 5.197 4.265 9.462**PENSJONSMIDLAR**

18.837 18.837 16.170 16.170

**FORSKOTSBETALINGER OG  
OPPTENTE INNTEKTER**1.2 6.170 6.170 5.547 5.547**SUM EIGEDELAR**3.241.946 3.072.966

**BALANSE**

Tal i heile kr 1000

NOTE 31.12.2016

31.12.2015

**GJELD OG EIGENKAPITAL****GJELD****GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR**

Gjeld utan avtalt løpetid	0	0
Gjeld med avtalt løpetid	13 175.000	175.000

**INNSKOT FRÅ KUNDAR**

Innskot utan avtalt løpetid	1.595.304	1.496.611
Innskot med avtalt løpetid	785.094	2.380.398

**GJELD STIFTA VED UTSTEDING**

AV VERDIPAPIR	13 249.594	249.594	249.365	249.365
---------------	------------	---------	---------	---------

**ANNA GJELD**

PÅLØPTE KOSTNADAR OG FORSKOTS BETALTE INNTEKTER	8-3 15.435	15.435	16.756	16.756
--	------------	--------	--------	--------

**AVSETJING TIL FORPLIKTINGAR**

Pensjonsforplikting	20 13.035	13.035	11.327	11.327
---------------------	-----------	--------	--------	--------

**SUM GJELD**

		2.842.285		2.700.003
--	--	-----------	--	-----------

**EIGENKAPITAL:**

GÅVEFOND	16.900	15.100
SPAREBANKENS FOND	17- 18 382.761	399.661

**SUM GJELD OG EIGENKAPITAL**

		3.241.946		3.072.966
--	--	-----------	--	-----------

**POSTAR UTANOM BALANSEN:****BETINGA FORPLIKTINGAR**

Garantiansvar	3 - 7.2 29.501	32.250
Pantsetjingar	3 50.331	19.841
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	3 515.190	595.022

Gaupne, 31.desember 2016

17. februar 2017

I styret for LUSTER SPAREBANK



Bjarne Venjum  
leiar

Randi Bugge




Ove Nyland  
nestleiar

Inge Teigen




Anette Stegegjerdet Norberg



Oddstein Haugen  
banksjef

I tilknyting til rekneskapen er det i notane nedanfor gjeve nokre kommentarar til dei enkelta tala. Notane er nummererte, og det er teke med tilvising til desse i rekneskapen.

## **1 Generelle rekneskapsprinsipp**

Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og reglar for sparebankar og god rekneskapsskikk.

Det er under den enkelte note til rekneskapen nærmare gjort greie for dei prinsippa ein har nytta, med tilvising til dei enkelte rekneskapspostane.

### **1.1 Konsolidering, konsernrekneskap**

Det er ikkje utarbeidd konsernrekneskap då dette i ubetydeleg grad ville avvike frå morselskapet sin rekneskap. Vi viser til rekneskapstala frå selskapa ANS Gaupne Forretningsbygg og Luster Sparedrift A/S i notane 12 og 14.

### **1.2 Periodisering**

Renter og provisjon vert tekne inn i resultatrekneskapen etterkvart som dei vert opptente som inntekter eller kjem til som kostnader.

Forskotsbetalte inntekter og tilkomne ikkje betalte kostnader vert perioderte og vert førde som gjeld i balansen.

Opptente ikkje betalte inntekter vert inntektsførde som tilgodehavande i balansen.

Utbytte av aksjar og grunnfondsbevis vert inntektsførde når dei vert mottekne.

Gebyr og provisjonar vert inntektsførde etterkvart som dei er opptente. Gebyr ved låneopptak overstig ikkje dei direkte kostnadane ved etablering av engasjementet, og er difor ikkje periodiserte over lånets løpetid.

## **2 Utlån og garantiar - tapsnedskrivingar**

### **2.1 Generelt**

Utlån i rekneskapen ved første gongs måling vert bokført til pålydande verdi. I perioden etter førstegongs måling vert verdi vurdert til amortisert kost etter effektiv rentemetode som eit uttrykk for verkeleg verdi på lånet. Dersom det føreligg objektive bevis for verdifall for enkelte utlån eller grupper av utlån, er låna nedskrivne. Nedskrivingssum vert utrekna som skilnad mellom balanseført verdi og noverdi av framtidige kontantstraumar utrekna etter levetid på lånet. Nedskriving er klassifisert som tapskostnad. Renteinntekter vert førd i resultatet etter effektiv rentemetode.

Alle engasjement som er misleghaldne, større næringslivsengasjement og andre engasjement av spesiell karakter, er gjennomgådde og tapsvurderte. Tapsnedskrivingar av denne kategorien er førte som nedskriving på individuelle lån i banken sin rekneskap. Det er i tillegg føreteke nedskrivingar for påreknelege tap på grupper av lån som kan inntrefje på engasjement som følgje av vanskelege tider og for bestemte bransjar og næringar utan at tapa i dag kan knytast til bestemte kundar. Nedskrivingar etter denne kategorien er førte som nedskrivingar på grupper av lån.

Eit engasjement vert rekna som uordna når kunden ikkje har betalt forfalne terminar på lån innan 90 dagar etter forfall. Tilsvarande reknar vi rammekredittar for misleghaldne når konto har stått overtrekt i 90 dagar eller lengre.

Når vi føretek nedskriving på individuelle lån vert inntektsføring av renter og provisjonar stoppa på heile eller delar av det tapsutsette engasjementet. Rentene vert etter dette ført i resultatet etter effektiv rentemetode.

### **2.2 Tap på utlån og garantiar**

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Endring i individuelle tapsnedskr. og amortisering	-1.931	-902
Endring i nedskriving på grupper av lån	3.800	1.700
Konstaterte tap i året på engasjement med tidl. nedskrivingar	477	2.677
Konstaterte tap i året på engasjement utan tidl. nedskrivingar	31	11
Inngang på tidlegare konstaterte tap	-148	-184
Netto kostnadsført vedk. tap på utlån pr. 31.12	2.229	3.303
Kredittap på obligasjonar	0	0
Kostnadsført tap på utlån, garantiar, obligasjonar pr. 31.12	2.229	3.303

## 2.3 Risikoklassifisering og kredittrisiko

### 2.3.1 Risikoklassifisering

Banken nyttar eit risikoklassifiseringssystem for kredit engasjement. Vi klassifiserer alle engasjement i risikoklassane A til K, der A er best og K er misleghaldne engasjement. Med utgangspunkt i dei 11 risikoklassane vert engasjementa delt inn:

- Risikoklasse A - D: Låg risiko
- Risikoklasse E - G: Middels risiko
- Risikoklasse H - J: Høg risiko
- Risikoklasse K: Kundar med misleghald / ikkje kreditverdige

Omgrepet risikoklasse avspeglar berre kunden si beteningsevne. I kredittvurderingsprosessen må vi difor alltid ta omsyn til realisasjonsverdien av eventuelle sikkerheiter.

Tabellen under viser kva tapsavsetjingar inkl. attendeførde renter og amortisering som er føretekte i dei ulike gruppene. Engasjement er sum av brutto utlån, garantiar og unytta trekkrettar og inkl. opptente renter.

Tal i heile kr 1000	2016	2016	Ind. tapsnedsk., attf. renter og amort.	2015	2015	Ind. tapsnedsk., attf. renter og amort.
<b>Næringsliv:</b>						
Låg risiko	483.242	61,4 %		457.957	62,8 %	
Middels risiko	221.604	28,1 %		193.420	26,5 %	
Høg risiko	82.614	10,5 %	3.293	77.950	10,7 %	4.053
Sum	787.460	22,6 %	3.293	729.327	22,9 %	4.053
<b>Off. og finansiell sektor:</b>						
Låg risiko	73.283	97,7 %		74.348	97,9 %	
Middels risiko	1.697	2,3 %		1.624	2,1 %	
Høg risiko	0	0,0 %	0	0	0,0 %	0
Sum	74.980	2,2 %	0	75.972	2,4 %	0
<b>Personkundar:</b>						
Låg risiko	2.223.098	84,7 %		1.996.246	83,7 %	
Middels risiko	367.102	14,0 %		335.373	14,1 %	
Høg risiko	33.821	1,3 %	4.225	53.153	2,2 %	5.357
Sum	2.624.021	75,3 %	4.225	2.384.772	74,8 %	5.357
Sum totalt	3.486.461	100,0 %	7.518	3.190.071	100,0 %	9.410

Det er knytt uvisse til vurderinga av framtidige tap på utlån og garantiar til næringslivet.

Ved årskifte utgjorde kostnadsførte tap på utlån 0,09 % av brutto utlån.

Tabellen over viser at risikoen i næringslivsportefølja har gått litt opp medan for personkundeportefølja har den gått litt ned, samanlikna med 2015

### 2.3.2 Kredittrisiko

Under følgjer ei oversikt over aldersfordelt forfalte, men ikkje nedskrevne engasjement pr. 31.12.2016

Tal i heile kr 1000	31 - 60 dagar	61 - 90 dagar	Over 90 dagar	Totalt
Personmarked	4.685	3.384	0	8.069
Næringsliv	2.092	1	30	2.123
<b>Sum utlån, garantiar m.m.</b>	<b>6.777</b>	<b>3.385</b>	<b>30</b>	<b>10.192</b>

Under følgjer ei oversikt over brutto utlån pr. 31.12.2016 fordelt etter trygd:

Tal i heile kr 1000	
Utlån med pant i bustad	1.948.652
Utlån med pant i anna trygd	731.869
Utlån til offentleg sektor	26.220
Utlån utan trygd	8.390
Ansvarleg lånekapital	0
<b>Sum</b>	<b>2.715.131</b>

### 2.4 Tapsnedskrivningar

#### 2.4.1 Nedskriving på individuelle lån

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Individuell nedskriving til dekning av tap på utlån 1/1	7.165	8.341
Konstatert tap i perioden på utlån der det tidlegare er førteke individuell nedskriving	-430	-2.669
Auka individuelle tapsnedskrivningar i perioden	20	154
Nye individuelle tapsnedskrivningar i perioden	1.144	2.148
Attendeføring av individuelle tapsnedskrivningar i perioden	-2.827	-810
<b>A) Nedskriving før amortisering på individuelle lån og garantiar 31.12</b>	<b>5.073</b>	<b>7.165</b>
Amortisering på tapsmerka utlån		
Amortisering 1.1 omrekna (brutto)	779	321
Resultatført effekt av amortisering under renter	-604	-693
Nye amortiseringar	186	420
Netto endring amortisering tidlegare nedskrive	-28	732
<b>B) Amortisering 31.12</b>	<b>332</b>	<b>779</b>
<b>A+B) Sum nedskriving og amortisering pr 31.12</b>	<b>5.405</b>	<b>7.944</b>

#### 2.4.2 Nedskriving på grupper av lån

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Nedskriving på grupper av lån 1/1	13.800	12.100
Nedskriving på grupper i perioden til dekning av tap på utlån	3.800	1.700
<b>Nedskriving av grupper av lån 31.12</b>	<b>17.600</b>	<b>13.800</b>

## 2.4.3 Nedskriving av garantiar og unytta kredittar

Det er ikkje gjort individuelle nedskrivingar på garantiar og unytta kredittar.

## 2.4.4 Ikkje inntektsførte renter utlån

	2016	2015
Tal i heile kr 1000		
Påløpne, ikkje inntektsførte renter 1.1	2.396	3.478
Årets inntektsføring av tidlegare års renter	-169	-193
Tidlegare attendeførte renter på konstaterete tap	-13	-1.645
Netto årets påløpne ikkje inntektsførte renter på tapsutsette lån	874	756
Påløpne ikkje inntektsførde renter 31.12	3.087	2.396

## 2.5 Fordeling utlån og garantiar

Geografisk fordeling	Brutto utlån		Garantiar	
	2016	2015	2016	2015
Tal i heile kr 1000				
Kundar i Luster	1.313.639	1.222.839	17.803	23.283
Kundar i resten av Sogn og Fjordane	339.273	303.742	5.621	2.650
Kundar utanfor Sogn og Fjordane	1.062.218	961.384	6.077	6.317
Sum utlån og garantiar	2.715.130	2.487.965	29.501	32.250

## 2.6 Brutto utlån til kundar - verkeleg verdi

Utlån til kundar er delt inn i følgende portefølje:

	2016	2015
Tal i heile kr 1000		
Lån med flytande rente	2.454.008	2.230.653
Fastrentelån ordinære	142.655	131.336
Fastrentelån relatert til 3 mnd nibor	118.468	125.976
	2.715.131	2.487.965

Vi har ikkje gjort noko vurdering av verkeleg verdi på utlån utanom for misleghaldne og tapsutsette engasjement. Dette utifrå ei vurdering av at den balanseførde verdien er ei rimeleg tilnærming til verkeleg verdi. Lån med kort rentebinding utgjer ca 95 % av brutto utlån (lån med flytande rente og fastrentelån relatert til nibor), og for desse er balanseførd verdi tilnærma lik verkeleg verdi. Vi gjev fastrentelån på 3 og 5 år. Gjennomsnittsrenta vi har gitt på desse utlåna ligg på ca. 3 %. Då marknadssrenta på desse løpetidene pr. 31.12.2016 låg på ca. 2 til 2,5 %, ligg verkeleg verdi på desse utlåna i nærleiken av den bokførte verdien.

**Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivingar**

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Rente og provisjonsinntekter tapsmerka lån	1.492	1.706
+/- Amortisering tapsmerka lån	604	693
+/- Tilbakeførte renter	-875	-757
= Inntektsførde renter på lån med nedskrivingar	1.220	1.642

**2.7 Misleghaldne og tapsutsette utlån og garantiar**

Tal i heile kr 1000	2016	2015	2014	2013	2012
Lån der inntektsføring av renter er stoppa	25.252	21.831	25.829	33.293	31.559
Misleghaldne engasjement > 90 dg	18.955	35.327	29.148	36.999	65.772
individuelle tapsnedskrivingar på desse avsetning amortisering på desse attendførde renter på desse	4.090 159 2.113	7.065 779 1.466	8.341 321 2.560	8.756 1.009 1.972	16.362 792 1.639
Netto misleghaldne lån etter nedskrivingar	12.593	26.017	17.926	25.262	46.979
 Tapsutsette, ikke misleghaldne eng. med individuelle nedskrivingar	 7.222	 130	 0	 271	 426
individuelle tapsnedskrivingar på desse avsetning amortisering på desse attendeførde renter på desse	983 173 0	100 0 0	0 0 0	167 0 76	351 -3 65
Netto tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivingar	6.066	30	0	28	13

## 2.8 Fordeling utlån på sektor og næring

Tal i mill kr	Brutto utlån		Garantiar		Unytta trekkrettar		Misleghaldne engasjement		Andre tapsutsette engasjement		Indivi. tapsneds inkl. attf renter og amort	
	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015
Personkundar	1.954	1.804	0,0	0,0	116,3	115,1	6,7	19,1	7,2	0,0	4,2	5,3
Kommunar	26	29	0,1	0,1								
Finans og andre sektorar utanom næring	1	2	1,5	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Næringer:</b>												
Primærnæring	88	78	0,0	0,0	12,1	12,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, bygg og anlegg	129	141	12,0	14,1	10,0	12,4	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Varehandel, hotell og restaurantdrift	112	117	6,0	3,2	16,8	12,3	0,4	14,7	0,0	0,0	0,2	3,3
Eigedomsdrift og forr.messig tenesteyting	367	282	6,6	5,7	17,5	36,7	11,4	1,1	0,0	0,1	2,7	0,4
Transport og tenesteytande ellers	38	35	3,3	2,9	4,3	6,3	0,4	0,4	0,0	0,0	0,4	0,4
<b>Sum næring</b>	<b>734</b>	<b>653</b>	<b>27,9</b>	<b>25,9</b>	<b>60,7</b>	<b>80,3</b>	<b>12,2</b>	<b>16,2</b>	<b>0,0</b>	<b>0,1</b>	<b>3,3</b>	<b>4,1</b>
<b>Sum utlån</b>	<b>2.715</b>	<b>2.488</b>	<b>29,5</b>	<b>27,5</b>	<b>177,0</b>	<b>195,4</b>	<b>18,9</b>	<b>35,3</b>	<b>7,2</b>	<b>0,1</b>	<b>7,5</b>	<b>9,4</b>

## 3 Garantiar

Samla garantiansvar ved utgangen av året fordeler seg slik

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Betalingsgarantiar	12.680	11.669
Kontraktsgarantiar	10.167	9.253
Skattegarantiar	2.200	1.600
Lånegarantiar	160	800
Anna garantiansvar	4.294	4.209
<b>Samla garantiansvar overfor kundar</b>	<b>29.501</b>	<b>27.531</b>
Garanti overfor Verd Boligkreditt AS	5.152	4.719
Garanti overfor Bankenes Sikringsfond	0	0
<b>Sum</b>	<b>34.653</b>	<b>32.250</b>

Banken har i tillegg gjeve garanti for drift av datterselskapet Luster Sparedrift AS. Det er ikkje gjeve garantiar for lån i utanlandsk valuta pr 31.12.2016.

## Verd Boligkreditt AS

Luster sparebank har saman med andre bankar etablert Verd Boligkreditt AS. Banken har adgang til å overføre lån sikra innanfor 75 % av bustadverdi til Verd boligkreditt AS. Av overførte beløp skal banken finansiere minst 15 %. Luster Sparebank har ansvar for uteblitt terminbeløp, tapsavsetnader og tap som måtte oppstå på lån banken har overført til Verd Boligkreditt AS, men slik at Luster Sparebank sitt totale ansvar i løpet av eit driftsår er avgrensa til 1 % av det gjennomsnittlege volumet av lån som banken har i foretaket. Pr 31.12.2016 hadde Luster Sparebank overført kr 515,2 millionar til Verd Boligkreditt AS. Garantien til Verd blir estimert til 5,15 millionar kr.

## 4 Obligasjonar og sertifikat og andre renteberande verdipapir

### Omløpsobligasjonar og sertifikat

Tal i heile kr 1000	Risikovekt	2016	2015
Stats- og statsgaranterte	0 %	0	19.841
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 %	0	0
Kommunar og finansføretak	20 %	12.800	12.800
Øvrige obligasjonar	100 %	0	0
Kursregulering		0	-13
Bokførd verdi		12.800	32.628

Gjennomsnittleg rente på behaldninga pr. 31.12.2016 er 4,9 % rekna som årleg nominell avkastning i høve til kostpris på papira. Obligasjonane er vurderte til lågaste av marknadsverdi og kostpris for heile behaldninga sett under eitt (porteføljesynsvurdering).

I balansen er dette gruppert på følgande måte

	2016	2015
Obligasjonar utstedt av det offentlege	0	19.841
Obligasjonar med fortrinnsrett	0	0
Finansforetak	12.800	12.787
Øvrige obligasjonar	0	0
Sum	12.800	12.787
Sum obligasjonar, sertifikat og andre renteberande papir	12.800	32.628

### 4.2 Pengemarknadsfond og obligasjonsfond

Tal i heile kr 1000

Fond	2016	2015
Holberg Likviditet 20	5.108	0
Fondsforvaltning pluss PM	10.533	5.288
DNB Global Treasury	50.331	7.167
DNB European Coverd Bonds	119.960	120.077
DNB OMF	48.686	71.991
Sum pengemarknads og obligasjonsfond	234.618	204.523

## 5 Aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis

Omløpsaksjar og aksjefond er vurderte til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi (verkeleg verdi = marknadsverdi 31.12.2016). For å redusere risikoen har banken spreidd sine investeringar over fleire selskap. På bakgrunn av dette er omløpsaksjar vurdert kvar for seg medan aksjefond er vurdert etter porteføljeprinsippet.

### Børsnoterte omløpsaksjar

Tal i heile kr 1000

Aksjer og eigenkapitalbevis	Org.nr.	Eigarandel	Antall	Bokført verdi	Marknadsverdi
Tal i heile kr 1000					
Gjensidige Forsikring ASA	995.568.217	Uvesentleg	11.193	1.000	1.533
Sparebank 1 Nord-Norge	952.706.365	Uvesentleg	72.105	2.099	3.767
Sparebanken Vest	832.554.332	Uvesentleg	10.000	686	890
Sum				3.785	6.190
Kursreguleringskonto				0	
Bokført verdi omløpsaksjar som inngår i balansen				3.785	

### Børsnoterte anleggsaksjar og eigenkapitalbevis

Org.nr.	Eigarandel	Antall	Bokført verdi	Marknadsverdi
Indre Sogn Sparebank	837.897.912	1,20 %	7.600	769
DNB ASA	981.276.957	0,000043 %	63.768	1.681
Kursreguleringskonto			-182	
Sum			2.268	8.775

### Andre anleggsaksjar og eigenkapitalbevis

Org.nr.	Eigarandel	Antall	Bokført verdi	Marknadsverdi
Eiendomskreditt AS	979.391.285	3,23 %	99.222	10.149
Kreditforening for Sparebanker (grunnf.bevis)	986.918.930	0,92 %	460	474
Fjord Invest AS	983.527.893	1,80 %	2.300	157
Luster Energiverk AS	933.297.292	15,69 %	1.359	11.019
Fjord Invest Sørvest AS	990.311.528	2,40 %	1.284.900	0
Fjord Invest industri AS	989.668.315	1,80 %	2.300	0
Frende Holding AS	991.410.325	0,54 %	36.763	4.580
Norne Eierselskap AS	992.881.461	0,77 %	1.374.465	0
Verd Boligkreditt AS	994.322.427	6,30 %	20.540	20.951
Brage Finans AS	995.610.760	1,35 %	963.680	7.964
Haugesund Sparebank	837.895.502	2,29 %	28.600	3.003
Lerum Brygge AS	918.064.907	5,00 %	2.000	1.000
Skudnes & Aakra Sparebank	937.896.670	0,89 %	8.000	832
Andre selskap			107	
Sum andre aksjar			60.236	

<b>Dotterselskap</b>	<b>Org.nr.</b>	<b>Eigarandel</b>	<b>Antall</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Marknadsverdi</b>
Luster Sparedrift AS	957.714.455	100,00 %	100	200	

Langsiktig aksje er her sett til kostpris fråtrekt nedskriving, dersom marknadsverdi er vurdert lågare.

<b>Samandrag aksjar og grunnfondsbevis</b>	<b>Bokført verdi</b>
Børsnoterte omløpsaksjar	3.785
Børsnoterte anleggsaksjar og grunnfondsbevis	2.268
Andre anleggsaksjar	60.236
<b>Dotterselskap</b>	<b>200</b>
<b>Sum</b>	<b>66.489</b>

<b>Aksjefond</b>	<b>Org.nr.</b>	<b>Eigarandel</b>	<b>Antall</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Marknadsverdi</b>
Skagen Vekst A	879.876.052		1.400,7	3.382	2.909
Skagen Global A	979.876.106		2.836,4	1.270	2.836
Skagen Kon Tiki A	984.305.141		2.606,0	1.269	2.606
DnB Navigator (II)	977.226.600		232,7	250	881
DnB Global	971.582.774		611,1	1.000	2.460
DnB Norden	938.545.456		423,8	500	957
DnB Europa	979.889.941		4.767,5	500	581
Odin Norden C	980.146.561		322,0	500	732
Odin Europa C	981.177.649		3.863,4	500	619
Odin Emerging Markets C	981.177.835		2.523,2	500	606
<b>Sum</b>				<b>9.671</b>	<b>15.187</b>
<b>Kursreguleringskonto</b>				<b>0</b>	
<b>Bokført verdi aksjefond</b>				<b>9.671</b>	

## 6 Spesifikasjon av driftsmidlar

Tal i heile kr 1000	Maskiner og inventar	Program vare	Fritids eigendom	Andel bygg	Sum
	10.243	4.214	4.176	10.731	29.364
Kostpris 1.1					
Tilgang	38	0	0	0	38
Avgang	0	0	0	0	0
Kostpris pr. 31.12	10.281	4.214	4.176	10.731	29.402
Akkumulerte avskrivingar 1.1	6.110	3.150	1.279	9.363	19.901
Avgang akkumulerte avskrivingar	0	0	0	0	0
Årets avskrivingar	938	832	215	316	2.302
Akkumulerte avskrivingar 31.12	7.048	3.982	1.494	9.679	22.203
Bokført verdi 31.12	3.232	232	2.682	1.052	7.199

I årsregnskapet framkjem dette slik:

Maskiner inventar og transportmidlar	3.232	232	3.465
Bygningar og anna fast eigedom		2.682	1.052

Avskrivingsprosent	10-33 %	33 %	5 %	5 %
--------------------	---------	------	-----	-----

Bankbygget er organisert i eit ansvarleg selskap der Luster Sparebank eig 98%. Luster Sparebank sin andel av bygget er teke inn i rekneskapet og presentert som driftsmiddel.

## **7 Opplysninger vedrørende tilsette og tillitsmenn**

### **7.1 Løn m.v.**

Ved utgangen av året hadde vi 26 fast tilsette i banken. Omrekna til årsverk tilsvarer dette, saman med vikariat og ekstrahjelp i løpet av året, til saman 20,2 årsverk. I 2015 hadde banken 20,4 årsverk. Samla bokført løn var i 2016 kr 12,1 mill.

Honorar og tapt arbeidsforteneste til styret er bokført med kr 242.088,- og godtgjersle til kontrollkomiteen med kr 0,-. Godtgjersle til forstandarskapet og andre tillitsvalde er bokført med kr 56.400,-.

Løn (inkl. bonus) til banksjef er utbetalt med kr 1.346.133,-. Verdien av skattepliktige naturallyttingar er kr 29.404,-. Skattefri utgiftsgodtgjersle ( inkludert bilgodtgjersle ) er dekkja med kr 59.507,-. Banksjefen er medlem av ordinær kollektiv pensjonsavtale. Her er det innbetalt kr 205.040,-. I tillegg har banksjefen eigen pensjonsavtale. Banksjef har forplikta seg til å stå i stillingen til fylte 65 år. I 2016 er det kostnadsført kr 462.000,- i samband med denne avtalen.

Godtgjersle til revisor er kostnadsført med kr 358.756,- og fordeler seg med kr 290.119 på revisjon og kr 68.637,- vedrørende andre attestasjonstjenester og rådgjeving.  
I og med banken ikkje har fradragsrett, er summane inkludert meirverdiavgift.

### **7.2 Lån og garantiar tilsette**

Lån til banksjef pr 31.12.2016 er kr 3 mill. Lån til resten av personalet er bokførd med kr 28,6 mill. Personallåna har for det meste lågare rente enn ordinære marknadslån. Dette utgjer ei rente-subsidiering, og differanse mellom lånerente og den rentesats som gjev grunnlag for fordelsbeskatning av tilsette har i 2016 vore kr 122.550,-. Rentesubsidieringa er ikkje bokførd, men påverkar banken sin rentenet. I samsvar med gjeldande lov skal styret godkjenne trygd for lån ytte til tillits-/tenestemenn.

### **7.3 Lån, garantiar og honorar tillitsvalde pr 31.12.2016**

Tal i heile kr 1000	Lån og garantiar		Ytelse 2016
	2016	2016	
Styreleiar	10	91,0	
Styremedlem nr 1	1.541	36,4	
Styremedlem nr 2	3.735	35,0	
Styremedlem nr 3	1.504	36,4	
Styremedlem nr 4	-	36,4	
Sum andre styremedlemmar	6.780	144,2	
Kontrollkomitèleiar	0	0	
Kontrollkomitèmedl. nr 1	0	0	
Kontrollkomitèmedl. nr 2	0	0	
Leiar av forstandarskapet	0	6,0	
Totalt andre medlemmar av forstandarskapet	14.675	44,8	

#### **7.4 Spesifikasjon løn, pensjon og sosiale kostnader**

	2016	2015
Tal i heile kr 1000		
Løn og honorar	11.674	11.261
Pensjonskostnader	2.054	3.047
Bonus	730	482
Arbeidsgivaravgift	1.595	1.246
Andre sosiale kostnader	764	652
<b>Sum personalkostnader</b>	<b>16.817</b>	<b>16.688</b>

#### **8 Spesifikasjon av anna gjeld**

	2016	2015
Tal i heile kr 1000		
Betalbare skattar	9.450	8.658
Disponibelt for styret til gáveutdeling	1.989	4.874
Skuldig skattetrekk og mva	916	698
Leverandørgjeld	587	747
Interimskonti	2.493	1.779
<b>Sum</b>	<b>15.435</b>	<b>16.756</b>

#### **9 Provisjons/andre inntekter frå banktenester**

Posten provisjons/ andre inntekter frå banktenester i resultatrekneskapen er samansett slik:

	2016	2015
Tal i heile kr 1000		
Garantiprovisjon	618	471
Betalingsformidling	5.247	5.167
Provisjon Forsikring	3.227	1.603
Provisjon verdipapirfond	1.316	1.292
Provisjon leasing	94	263
Anna drift	469	443
Verd Boligkreditt AS	1.750	1.722
<b>Sum bokført</b>	<b>12.721</b>	<b>10.961</b>

#### **10 Bankenes Sikringsfond**

For 2016 er det betalt kr 1.611.905,- i avgift til Bankenes Sikringsfond. Ifølge brev frå Bankenes Sikringsfond er avgift for 2017 berekna til kr. 1.738.351,-.

#### **11 Husleige**

Leige for banken sine kontorlokale og Bank i butikk er bokført med kr 1.332.929,-. I Gaupne leiger banken hjå Gaupne Forretningsbygg ANS. Leiga er utgiftsført med kr 1.151.475. Vi framleiger ein liten del av lokala. Leigeavtalen vert no fornya for eitt år om gongen. Banken eig 98 % av bygget. Luster Sparedrift AS eig dei resterande 2 %.

## 12 Andeler

### Gaupne Forretningsbygg ANS

Banken har 98 % eigarandel pr. 31.12.16

Gaupne Forretningsbygg ANS har sitt forretningskontor i Gaupne.

#### **Postar Gaupne Forretningsbygg**

Andel årsresultat før avskrivingar  
Avskrivingar andel bygg  
Andel bygning  
Andel netto fordring/gjeld

#### **2016 I banken sitt rekneskap**

1.070 Andre driftsinntekter  
299 Ordinære avskrivingar  
855 Bygningar  
133 Andre krav

### Andel datterselskap

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Eigenkapital pr. 1.1	4.295	4.423
Tilgang	0	0
Resultat før skatt	941	942
Utbetalt likviditetsoverskot	-1.070	-1.070
Andel eigenkapital pr. 31.12	4.166	4.295
Meirverdi pr. 31.12	0	0
Andel tilknytta selskap	4.166	4.295
Meirverdi pr 1.1	2.802	2.802
Tilgang kjøp	0	0
Sum meirverdi 31.12	2.802	2.802
Akkumulert avskriving 1.1	2.802	2.802
Årets avskrivingar (10%)	0	0
Sum avskrivingar 31.12	2.802	2.802
Bokført meirverdi 31.12	0	0

På grunn av uvesentleg innverknad på tala er det ikkje utarbeida konsernrekneskap for 2016.

## 13 Eiendelar og gjeld

### 13.1 Eiendelar og gjeld fordelt på restløpetid

**2016**

Tal i heile kr 1000	Sum	Utan rest					
		løpetid	inntil 1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 - 5 år	Over 5 år
<b>Eigendelar</b>							
Kontantar og innskot i Norges Bank	47.616		47.616				
Utlån til og fordr. på finansinstitusjonar	141.477		70.679		1.650	69.148	
Utlån til kundar	2.715.131	360.637	11.995	21.334	104.192	479.137	1.737.836
Obligasjonar	12.800			2.000	4.000	6.800	
Individuelle tapsnedskrivingar	-5.405				-243	-1.116	-4.046
Nedskriving på grupper av lån	-17.600						-17.600
Aksjar og fond	310.778	58.947	248.075			3.756	
Andre eiendelar	37.149	23.781	6.169			3.465	3.734
<b>Sum eiendelar</b>	<b>3.241.946</b>	<b>443.365</b>	<b>384.534</b>	<b>23.334</b>	<b>109.599</b>	<b>561.190</b>	<b>1.719.924</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>							
løpetid	175.000				65.000	110.000	
Obligasjonsgjeld	249.594				50.000	199.594	
Innskot frå kundar	2.380.398		2.227.554	26.522	33.498	1.396	91.428
Anna gjeld	37.293		5.157	7.979	11.122		13.035
Eigenkapital	399.661	399.661					
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3.241.946</b>	<b>399.661</b>	<b>2.232.711</b>	<b>34.501</b>	<b>159.620</b>	<b>310.990</b>	<b>104.463</b>
balansepostar	0	43.704	-1.848.177	-11.167	-50.021	250.200	1.615.461

**2015**

Tal i heile kr 1000	Sum	Utan rest					
		løpetid	inntil 1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 - 5 år	Over 5 år
<b>Eigendelar</b>							
Kontantar og innskot i Norges Bank	63.771		63.771				
Utlån til og fordr. På finansinstitusjonar	211.071		158.850		3.900	48.321	
Utlån til kundar	2.487.965	280.061	10.472	20.153	95.617	443.535	1.638.127
Individuelle tapsnedskrivingar	-7.944				-349	-1.618	-5.977
Nedskriving på grupper av lån	-13.800						-13.800
Obligasjonar	32.628				19.841	12.787	
Aksjar og fond	263.336	41.793	217.787			3.756	
Andre eiedelar	35.939	20.930	5.548			5.196	4.265
<b>Sum eigendelar</b>	<b>3.072.966</b>	<b>342.784</b>	<b>456.428</b>	<b>20.153</b>	<b>119.009</b>	<b>511.977</b>	<b>1.622.615</b>

### Gjeld og eigenkapital

løpetid	205.000	Utan rest					
		løpetid	inntil 1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 - 5 år	Over 5 år
<b>Gjeld og eigenkapital</b>							
løpetid	205.000			20.000	35.000	150.000	
Obligasjonsgjeld	249.365				50.000	199.365	
Innskot frå kundar	2.212.360		2.078.220	19.005	35.962		79.173
Anna gjeld	33.278		4.045	7.400	10.506		11.327
Eigenkapital	372.963	372.963					
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>3.072.966</b>	<b>372.963</b>	<b>2.082.265</b>	<b>46.405</b>	<b>131.468</b>	<b>349.365</b>	<b>90.500</b>
Netto likviditetsekspонering							
på balansepostar	0	-30.178	-1.625.838	-26.252	-12.459	162.612	1.532.115

Dei spesifiserte eiendel- og gjeldspostane lyder i si heilheit på norske kroner.

### 13.1.1 Likviditetsrisiko

Banken har ein likviditetsrisiko ved at låna er forholdsvis langsiktige, mens innskota stort sett kan disponerast på kort varsel.

Denne risikoen har banken hovudsakleg dekka inn på to ulike måtar: Etablering av lånerammer i norske finansinstitusjonar, samt fleire konkrete rammer på likvitetsområdet. Banken har unytta trekkrettar i andre finansinstitusjonar på kr. 60 Mill. Banken har ein tilfredstillande forfallsstruktur på lån utstedt i finansmarkanden. Banken har pr 31.12.2016 ein LCR på 128. Som ein del av banken sin likviditetsstrategi skal innskot utgjere minimum 75 % av brutto utlån. Pr 31.12.2016 var den faktiske situasjonen 87,67 %. Inkluderar ein utlån i Verd Boligkreditt blir innskotsdekninga 73,17 %.

Det blir lagt til grunn at i banken sin likviditetsstrategi at det ei kvar tid skal vere klargjort lån tilsvarende minst 100 Mill kr som kan overførast til Verd Boligkreditt.

### 13.1.2 Gjennomsnittleg rente gjeld

	Bokførd gjeld pr 31.12.16	Rente
Lån frå andre kreditinstitusjonar med avtalt løpetid - eff.rente pr 31.12.16	175.000	1,92 %
Innskot frå kundar - gjennomsnittleg effektiv rente i 2016	2.212.361	0,93 %

### 13.2 Egedelar og gjeld fordelt på rentebindingstid

Tal i heile kr 1000	Sum	Utan rest	løpetid	inntil 1 mnd	1 - 3 mnd	3 mnd - 1 år	1 - 5 år	Over 5 år
<i>Egedelar</i>								
Kontantar og innskot i Norges Bank	47.616			47.616				
Utlån til og fordr. På finansinstitusjonar	141.477		123.778	10.800	1.650	5.249		
Utlån til kundar	2.715.131			2.574.334	2.215	138.582		
Obligasjonar	12.800		2.000	10.800				
Individuelle tapsnedskrivningar	-5.405			-5.405				
Nedskriving på grupper av lån	-17.600		-17.600					
Andre egedelar	347.927		347.927					
Sum egedelar	3.241.946		330.327	173.394	2.590.529	3.865	143.831	0

### Gjeld og eigenkapital

Gjeld til kredit institus- jonar med avtalt løpetid	175.000	65.000	110.000			
Obligasjonsgjeld	249.594	100.000	149.594			
Innskot frå kundar	2.380.398	372.620	1.972.883	33.499	1.396	
Anna gjeld	36.293	36.293				
Eigenkapital	400.661	400.661				
Sum gjeld og eigenkapital	3.241.946	436.954	537.620	2.232.477	33.499	1.396
Netto renteeksponering på balansepostar	0	-106.627	-364.226	358.052	-29.634	142.435

### 13.2.1 Renterisiko

Renterisiko oppstår fordi det er ulik rentebindingstid på banken sine renteberande balansepostar. Ein renteendring må derfor gjennomførast på ulike tidspunkt for dei ulike balansepostane. Renterisiko er definert som storleiken av tapspotensialet ved eit 2 % skift i rentekurva (jf Finanstilsynet sin modul for renterisiko).

Luster Sparebank har lånt ut kr 143 mill i fastrenteutlån til kundar. Det er denne posten som gjev høgst renterisiko av postane i balansen. I 2015 var fastrenteutlåna på kr 130 mill. Innlånssida trekk i motsett retning. Her har Luster Sparebank kr 57,4 mill i innskot med rentebinding frå kundar pr 31.12.2016.

For å redusere renterisikoen har Luster Sparebank inngått rentesikringsavtale. Etter å ha teke omsyn til rentesikringsavtalen, har Luster Sparebank ein renterisiko på kr 1,83 mill. pr 31.12.2016.

Renterisikoen pr 31.12.2015 var på kr 5,56 mill.

Styret har fastsatt ramme på renterisikoen gjennom banken sin strategi for marknadsrisiko.

### 14 Dotterselskap

Luster Sparedrift A/S vart stifta i 1990. Selskapet er eit heileigd dotterselskap av Luster Sparebank.

Aksjekapitalen er kr 200.000,- og er i banken sitt rekneskap pr. 31.12.2016 bokført til same beløp. Selskapet har sitt forretningskontor i Gaupne, med adresse Øygata 1, 6868 Gaupne. Selskapet eig 2% andel i ANS Gaupne Forretningsbygg.

I banken sitt rekneskap kjem postane for dotterselskapet fram slik:

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Aksjar, andalar og grunnfondsbevis	200.000	200.000
Selskapet sitt innskot i banken	174.337	161.306
Rentekostnader	82	120

Hovudpostar frå resultatrekneskapen og balansen for Luster Sparedrift A/S:

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Sum driftskostnader = driftsresultat	-4.524	-4.524
Andel årsresultat Gaupne Forretningsbygg ANS	19.201	19.218
Resultat før skattekostnader	14.759	14.814
Årsoverskot	10.702	10.574
Sum eidegar	330.677	320.275
Sum eigenkapital	326.677	315.975

### 15 Utsatt skatt og skattefordel

Netto utsatt skattefordel er utrekna på grunnlag av dei mellombels skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiane som eksisterte ved utgangen av rekneskapsåret.

Netto utsatt skattefordel er utrekna på følgjande måte:

Positive mellombels skilnader:	2016	2015	Endring
Vinst/tapskonto bygningar	79	99	-20
Avsetning til innskotsfond	1.172	315	857
Sum positive mellombels skilnader	1.251	414	837
Utsatt skatt	313	104	209

Negative mellombels skilnader:

Rekneskapsmessige avsetjingar	110	636	-526
Skattemessige mindreavskrivinger	7.714	7.326	388
Ekstraordinær nedskriving leiligheter	165	165	0
Pensjonsforpliktingar	13.035	11.327	1.708
Sum negative mellombels skilnader	21.024	19.455	1.569
Utsatt skattefordel	5.256	4.864	392

Netto utsatt skattefordel	4.943	4.760	183
---------------------------	-------	-------	-----

## 16 Årets skattar

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Inntektsskatt	8.650	7.467
Formuesskatt	800	1.300
Reduksjon/auke i utsatt skattefordel	-183	-9
For mykje avsatt tidligare år	-648	-75
Årets skattekostnad	8.619	8.683

Spesifikasjon av skilnaden mellom det rekneskapsmessige resultatet før skattar og årets skattepliktige inntekt:

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Rekneskapsmessig resultat før skattar	38.318	36.012
Endring i mellombels skilnader	514	1.233
Endring i permanente skilnader	-4.231	-9.589
Skattepliktig inntekt	34.601	27.656

## SKATT (Betalbare skattar)

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Inntektsskatt	8.650	7.467
Formuesskatt	800	1.300
Betalbar skatt i balansen	9.450	8.767

## 17 Kapitaldekning

(tal i heile 1.000) **31.12.16**    **31.12.15**

Sparebankenes fond	382.761	357.863
Gåvefond	16.900	15.100
-Fradrag	-18.864	-25.500
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>380.797</b>	<b>347.463</b>

## Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Stater og sentralbanker	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	17.610	5.815
Offentleg eigde foretak	9.082	0
Institusjoner	29.050	42.745
Foretak	103.637	110.838
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.350.124	1.251.532
Forfalte engasjementer	26.613	32.637
Obligasjoner med fortrinnsrett	5.022	280
Andeler i verdipapirfond	42.047	41.142
Egenkapitalposisjoner	73.150	55.919
Øvrige engasjementer	54.273	50.649
<b>Berekningsgrunnlag kreditrisiko</b>	<b>1.710.608</b>	<b>1.591.557</b>

**Berekningsgrunnlag operasjonell risiko** **132.834**    **126.904**

**Sum beregningsgrunnlag** **1.843.442**    **1.718.461**

<b>Kapitaldekning</b>		
<b>Rein kjernekapital i % av sum beregningsgrunnlag</b>	<b>20,66 %</b>	<b>20,22 %</b>
<b>Krav til kapital</b>		
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum beregningsgrunnlag	147.475	137.477
Ansvarleg kapital	380.797	347.463
<b>Overskot av ansvarleg kapital</b>	<b>233.322</b>	<b>209.986</b>
<b>Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav</b>	<b>233.322</b>	<b>209.986</b>
<b>Bufferkrav</b>		
Bevaringsbuffer 2,5 %	46.086	42.962
Systemrisikobuffer 3 %	55.303	51.554
Motsyklisk buffer 1,5 % fra 30.06.2016, 1 % før dette tidspunkt	27.652	17.185
<b>Sum bufferkrav</b>	<b>129.041</b>	<b>111.700</b>
<b>Overskot rein kjernekapital</b>	<b>104.281</b>	<b>98.286</b>

## 18 Eigenkapitalutvikling

Tal i heile kr 1000

	Gåvefond	Gåver	Sparebank-fondet	Sum
Saldo 01.01.	15.100	0	357.863	347.675
Utdeling til gåver	0	-3.000	0	-3.000
Disponering av overskot	1.800	3.000	24.899	29.699
Saldo 31.12	16.900	0	382.761	399.661

## 19 Ansvarlege lån

Tal i heile kr 1000	2016	2015
Medlemsinnskot i Kreditforeningen for Sparebanker	6.900	8.250
Sum ansvarlege lån	6.900	8.250
Herav ansvarleg lånekapital i andre finansinst. (pålydande)	6.900	8.250

## 20 Pensjon

### Usikra ordningar

#### AFP-ordning

Tilsette i Luster Sparebank har rett til AFP. AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå på som ei bidragsbasert fleirforetaksordning, men rekneskapsførast som ei innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proposjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforpliktning og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet si forpliktning etter den nye afp-ordningen er dermed ikkje balanseført som gjeld.

### Gåvepensjon

Luster Sparebank har garantert dei ansatte 70 % av sluttløn frå 62 til 67 år dersom dei går av med førtidspensjon. Dette vil seie at summen av AFP og gåvepensjon skal vere minst 70 % av sluttløn. Den berekna forpliktinga knytt til gåvepensionen utgjer om lag kr 10,4 millionar. Avtalen gjeld ikkje banksjef som har eigen avtale.

#### Pensjon banksjef

Det er etablert eigen pensjonsavtale for banksjef. Banksjef har rett og plikt til å gå av ved fylte 65 år. Iflg avtale skal banksjef ved fylte 65 år ha ein pensjonskapital på kr 6,8 mill som skal utbetales over 20 år. Det er i 2016 kostnadsført kr 462.000 i i samband med denne avtalen.

### Innskotsbaserte ordningar

Alle funzionærar har innskotspensjon. Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Den tilsette sin pensjon vil vere avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på midlane. For selskapet er årets kostnad lik årets premie.

#### Pensjonskostnaden i 2016

Luster Sparebank har ein samla pensjonskostnad på kr 2,054 millionar i 2016. Pensjonskostnaden i 2015 var på kr 3,047 millionar. Luster Sparebank er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon og pensjonsordningane tilfredstiller krava i denne lova.

#### Pensjonskostnad

Tal i heile kr 1000

Gåvepensionsavtale	738	1.089
Estimatavvik gåvepensjon	302	-2.557
Pensjonsavtale banksjef	462	2.770
Gammel AFP	0	28
Ny AFP	178	157
Pensjon over drift	28	134
Innskotsordning	1.137	1.274
Auke i innskotsfond som følge av omdanning		
pensjonsordning frå bidrag til innskot	-998	0
Arbeidsgiveravgift	207	152
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>2.054</b>	<b>3.047</b>

#### Pensjonskostnader

2016 | 2015

#### Pensjonsforpliktning

Estimert verdi av pensjonsforpliktingar	2016	2015
Arbeidsgiveravgift	11.276	10.242
<b>Sum pensjonsforpliktning</b>	<b>1.759</b>	<b>1.085</b>
	<b>13.035</b>	<b>11.327</b>

#### Økonomiske føresetnader for berekning av bidragsbasert pensjon

2016 | 2015

Diskonteringsrente	2,60 %	2,30 %
Forventa regulering av løn	2,50 %	3,25 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	1,50 %	2,75 %
Forventa G-regulering	2,25 %	3,00 %
Uttaksrate gåvepensjon	70,00 %	70,00 %

#### Pensjonsmidlar

Gåvepensjon og pensjon banksjef er sikra med innskot i DNB Livsforsikring AS. Midlane er banken sin eigendom inntil dei kjem til utbetaling. I tillegg har banken eit innskotsfond som kan nyttas til å dekke innskot i Luster Sparebank sin innskotsepensjonsordning.

#### På eigarsida i balansen framkjem desse midlane slik:

Innskot i DNB Livsforsikring AS	2016	2015
Innskotsfond	17.665	15.854
<b>Sum pensjonsmidlar</b>	<b>1.172</b>	<b>316</b>
	<b>18.837</b>	<b>16.170</b>

## KONTANTSTRAUMANALYSE

	<b>2016</b>	<b>2015</b>
Tal i heile kr 1000		
Resultat for rekneskapsåret	29.699	27.288
Avgang til bokført verdi driftsmidler og anleggsaksjer	55.167	22.827
Nedskrivning anleggsaksjer	427	-435
Ordinære avskrivninger	2.302	2.575
Endring kursreguleringskonto og nedskrivning verdipapir	-49	-466
Endring nedskrivning på grupper av lån	3.800	1.700
Endring spesifiserte tapsnedskrivninger på utlån	-2.539	-718
Endring pensjonsforplikting	-959	1.051
Avsett til gåver	-3.000	-2.000
<b>Tilført frå årets drift</b>	<b>84.848</b>	<b>51.822</b>
Auke utlån til kundar	-227.166	-34.865
Auke innskot frå kundar	168.037	70.383
Auke utsett skattefordel	-183	-9
Auke / reduksjon øvrige fordringar	-622	1.781
Auke / reduksjon kortsiktig gjeld	2.305	-556
<b>A Netto likviditetsendring frå verksemda</b>	<b>27.219</b>	<b>88.556</b>
Investering i varige driftsmidler	-38	-1.153
Netto investering langsiktige verdipapir	-83.159	-54.752
<b>B Netto likviditetsendring investeringar</b>	<b>-83.197</b>	<b>-55.905</b>
Reduksjon/auke utlån til anna finansinstitusjon	69.593	-106.715
Auke finansiering gåvepensjon	0	-15.854
Reduksjon/auke innskot frå anna finansinstitusjon	-30.000	20.000
Auke gjeld stifta ved utsteding verdipapir	230	69.365
<b>C Netto likviditetsendring finansiering</b>	<b>39.823</b>	<b>-33.204</b>
<b>A+B+C Sum endring likvider</b>	<b>-16.155</b>	<b>-553</b>
Likviditetsbeholdning 1. januar	63.771	64.324
Likviditetsbeholdning 31. desember	47.616	63.771
<b>Netto endring likviditetsbeholdning</b>	<b>-16.155</b>	<b>-553</b>



Til generalforsamlinga i Luster Sparebank

## *Melding frå uavhengig revisor*

### *Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen*

#### *Konklusjon*

Vi har revidert Luster Sparebank sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 29 698 515. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande innehold vesentleg feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen innehold vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

---

### *Styret og daglig leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og daglig leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av rekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for rekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

---

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoene for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkja, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilskikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei mening om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er formålstenlege og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av rekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta

inntil datoен for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggende transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilet.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

### *Utsegn om andre lovmessige krav*

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysingane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framleggget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «*Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklede revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sogndal 17. februar 2017

**PricewaterhouseCoopers AS**



Jan Ove Helle  
Statsautorisert revisor

(3)